

ÅL KOMMUNE

5063

Kulturkommunen

Årsmelding

2018



FN dagen 24.10.18 arrangert av Ål kulturskule, Ål bibliotek, Innvandrertenesta og Ål Frivilligsentral.

Foto: Hilde L Bjørnsvik



ÅL KOMMUNE



ÅL KOMMUNE

Innhald

ORGANISASJON OG LEIING.....	5
Ordføraren har ordet.....	5
Politisk organisering	6
Administrativ leiing.....	7
Rådmannen har ordet	8
Medarbeidarar og personalforvaltning	11
PRIMÆRTENESTER.....	18
Sentraladministrasjon	18
Oppvekst.....	19
Helse og omsorg	24
Servicetenester.....	27
Drift og utvikling	29
Hallingdal barnevernteneste	33
LOKALSAMFUNN	35
Kulturkommunen Ål	35
Folkehelse.....	42
Næringsutvikling.....	43
Folketal og bulyst	44
ØKONOMI.....	45
Resultat og avvik.....	45
Utvikling av inntekter og utgifter	47
Fond og gjeld	48
Kostraanalyse	52
Kostratal	53



ÅL KOMMUNE



ÅL KOMMUNE

ORGANISASJON OG LEIING

Ordføraren har ordet

Vekst og tilflytting er nødvendig for notid og framtid for Ål og Hallingdal. Med eit svært lågt fødselstal i 2018, vart dette for alvor sett på dagsordenen. Kva gjer at folk føler seg heime ein stad? Kva gjer at ein føler at ein høyrer til? Viss alle har nok med sitt og sine, er det vanskeleg å finne sin plass. Difor er det flott når ein ser at samfunnet er i endring. FN-dagen vart markert på Ål kulturhus, og opplegget var ein suksess! Eit spennande og variert program gjennom heile dagen og eit mangfald av gjester, der integrering stod i fokus, gjorde dette til ein flott dag!

Korleis skal den framtidige barnehage- og skulestrukturen sjå ut? Dette var årets store politiske sak i Ål. Høyringsinnspele gav svært eintydige råd: Innbyggjarane ønskete å halde fram med den strukturen som er i dag. Kommunestyret valde å lytte til høyringane, men ser at det er nødvendig med tiltak for å legge grunnlaget for ein positiv vekst i barnetalet om denne strukturen skal kunne halde fram vidare.

Utbygginga ved Hallingdal sjukestugu og Ål helsecenter vart ferdigstilt med ein positiv sluttrapport. Takk til flinke folk som har klart å få eit så godt resultat og samstundes heldt seg godt innanfor budsjett! Kommunestyret valde i desember å gje grønt lys for bygging av avlaupsleidning frå Sundre reinseanlegg til Leveld. Dette er ei stor investering, som politikarane håpar vil vera eit positivt tiltak for innbyggjarar og næringsliv i Nordbygdene, men òg som ei avlastning for Votnavassdraget.

På kulturhuset førebud ein seg til den nye landsdelsscenen er ferdigstilt i november 2019. Nesch-museet har blitt flytta opp i hovudetasjen i Ål kulturhus, og ungdomen har endeleg fått ein ny plass å «henge». Ungdomsklubben HallUng vart opna på kulturhuset i haust, og ungdommens frivilligsentral kom også i gang i haust. Prosjektet «Elvelangs i Ål» starta opp for alvor i 2018. Dette er eit initiativ frå Ål idrettslag, og delstrekninga frå Stasjonsbrua til Bråta skal byggast i 2019. Ål kommune arbeider med å bli ein såkalla Kommune 3.0. Det betyr at ein i større grad enn tidlegare biletleg tala spelar ball med innbyggjarane, og samarbeider om gode initiativ som kjem frå lag, organisasjonar og bygdafolk. Elvelangs-prosjektet er eit svært godt døme på korleis frivillige, private og offentlege aktørar i samarbeid kan få til veldig mykje!

Ål Utvikling har ønska seg nye moderne skilt ved innkjøringa til sentrum og på sjølve Sundre. Dette vart mogleg gjennom eit samarbeid mellom Ål Utvikling og kommunen, via næringsstyret. Myren-gata vart, etter ynskje frå handelsnæringa, opna for motorisert ferdsel gjennom heile året frå 2018.

I 2018 har:

- Ordføraren fått vigselsrett i 2018. Dette er eit triveleg oppdrag!
- Ål kommune har blitt re-sertifisert som trafiksikker kommune.
- Ål har også blitt eit demensvenleg samfunn, noko som inneber at servicepersonar på Sundre får kursing i korleis dei kan møte demente i lokalsamfunnet på ein endå betre måte.

Fylkesmannen i Buskerud er historie. Helen Bjørnøy gjekk av til nyttår, og frå 2019 er det Valgerd Svarstad Haugland som er fylkesmann for dei 1,8 mill innbyggjarane i Oslo og Viken.

Tone Tveito Eidnes har sagt opp stillinga si som rådmann i Ål. Ho blir pensjonist frå mai 2019. Me takkar henne for framifrå innsats for Ål kommune, og ynskjer Karsten Popp Dideriksen lukke til i stillinga.

Me kan sjå attende på 2018 og vera fornøgde med mykje. Ål kommune er framoverlent, har kontroll på økonomien og har gode fagfolk i alle ledd. Eg vil takke rådmannen og alle tilsette elles for godt utført arbeid! Det same gjeld kommunestyret som viser ansvar og prøver å finne dei beste løysingane. Det gode samarbeidet er avgjerdande for å nå dei måla og dei resultata som 2018 viser. God lesnad!


**Solveig Vestenfor
ordførar**





ÅL KOMMUNE


Politisk organisering



Tal på saker i utval	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Kommunestyre	86	87	82	108	78	82
Formannskap	91	87	91	96	98	101
Sektorutval for helse og omsorg	31	36	37	35	39	35
Sektorutval for kultur og oppvekst	38	42	55	58	47	50
Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	129	112	126	136	102	111
Næringsstyret	26	26	26	20	28	35
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6	3	5	3	4	7
Eldreråd	19	13	14	19	11	20
Sum tal på saker	426	406	436	475	407	441

KOMMUNESTYRE	
Solveig Vestenfor, Ap, ordførar	Ole Egil Trintrud, Sp, varaordførar
Dagfinn Bøygard, Ap	Anne Vetteren Grøthe, Sp
Audun Vestenfor, Ap	Ola Terje Oleivsgård, Sp
Tore Bøygard, Ap	Nils-Ove Svensgård, Sp
Jan Egil Grue, Ap	Tore Arnegard, Sp
Marie Skråmestø, Ap	Torhild M. Helling Bergaplass, H
Hedvig Johanne Rud, Ap	Jan Idar Dalseide, H
Lene Prestegard, Ap,	Sigrun Jorde, H
Torleif T. Dalseide, V	Vemund Gudbrandsgård, H
Anne Kjersti Frøyen, V	Børge Bekkestad, KrF
Jens Petter Brandlie, V	Ingeborg Kaslegard Frydenlund, KrF
Espen Jakobsen, V	Ida Marie Holen, FrP
Live Magnetun, V	

FORMANNSKAPET	
Solveig Vestenfor, ordførar, Ap	Torleif T. Dalseide, V
Dagfinn Bøygard, Ap	Torhild M. Helling Bergaplass, H



ÅL KOMMUNE

Ole Egil Trinrud, varaordførar, Sp	Ingeborg Kaslegard Frydenlund, KrF
Anne Vetteren Grøthe, Sp	

SEKTORUTVAL FOR HELSE OG OMSORG	
Tore Bøygard, Ap, leiar	Anne Kari Olsen, V
Lene Prestegard, Ap	Espen Karlsen, H
Tore Arnegard, Sp	Ida Marie Holen, FrP
Esben Jakobsen, V, nestleiar	

SEKTORUTVAL FOR KULTUR OG OPPVEKST	
Jan Egil Grue, Ap, nestleiar	Lars Brattåker Gjengedal, V
Marie Skråmestø, Ap	Sigrun Jorde, H
Ola Terje Oleivsgard, Sp, leiar	Børge Bekkestad, KrF
Live Magnetun, V	

SEKTORUTVAL FOR TEKNISK, NÆRING OG RESSURS	
Henrik Schjørlien Haugstøl, Ap	Anne Kjersti Frøyen, V, leiar
Hedvig Johanne Rud, Ap	Jan Idar Dalseide, H
Nils Ove Svensgård, Sp, nestleiar	Iselin Haugo, H
Kjersti-Elise Haugen Løyte, Sp	

NÆRINGSSTYRET	
Solveig Vestenfor, Ap	Stein Rudi Austheim, leiar
Esben Jakobsen, V	Astrid Sonerud
Morten Gjeldokk	

Administrativ leiing

Rådmannen er den øvste administrative leiaren i kommunen.

I rådmannen sitt leiarteam sit:
økonomisjef, personalsjef, kultursjef, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef drift og utvikling.

Rådmannsteam skal sikre ei heilskapleg og balansert drift av kommunen.
Kvar av sektorleiarane har ansvar for sin sektor og er nærmeste leiari for avdelingsleiarane.

Økonomisjefen og personalsjefen har eit gjennomgåande ansvar innanfor sine område i heile organisasjonen. Kommunalsjef for helse og sosial fungerer som rådmannen sin varamann.



ÅL KOMMUNE

Rådmannen har ordet



Folketalet pr. 31.12.18 var 4 671. Det er ein auke på 45 personar. Dette er positivt, sett i forhold til 2017 der folketalsutviklinga var negativ. Fødselstalet var lågt, berre 18 born vart fødde på Ål i 2018. Utviklinga i 2019 tyder på at dette er på veg opp igjen.

Det har vore ein markant nedgang i elevtalet på skulane våre. Det var noko av grunngjevinga for ein stor gjennomgang av skule- og barnehagestrukturen i kommunen. Dette var ei omfattande utgreiing med fleire møte i grendene og eit aktivt engasjement frå innbyggjarane våre. I den endelege innstillinga tilrådde rådmannen å behalde grendeskulane på Leveld og Torpo, og å slå saman Skattebøl skule med Nedre-Ål skule. Kommunestyret vedtok å oppretthalde skulestrukturen i kommunen.

Effektiviseringsprosjektet i 2017 er følgt opp slik i 2018:

- Utgreiing av eit nærrare samarbeid mellom avdelingane som yter tenester til skule og barnehage

- Organisering av kultur, nærrare samordning når nytt kulturhus står ferdig
- Vurdering av politisk organisering
- Fokus på det attraktive lokalsamfunnet og tilflytting

Kommunen hadde eit mindreforbruk på 26 millionar kr i 2018. Eg viser til økonomisjefen sin analyse av rekneskapen i dette dokumentet, men slår fast at sektorane er lojale og held sine budsjettrammer og at budsjettdisiplinen er god. Dei avdelingane som har større overskridinger har kommentert dette særskild. Budsjetterte kraftinntekter vert brukt i drift, og målet er at desse skal dekkje våre utgifter til renter og avdrag på lån.

Resultatet er svært godt og rådmannen rår til at årets mindreforbruk blir sett av til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet er på kr 52 millionar pr. 31.12.2018.

Av store og viktige saker vil eg elles nemne desse:


- Vidareføring av arbeidet med utbygging av Ål kulturhus.
- Motivering av både kommunestyret og administrasjonen for at Ål kommune skal bli ein 3.0 kommune der involvering av innbyggjarane våre står sentralt.

Kommunen ligg langt framme på mange viktige samfunnsområde, eg vil spesielt nemne kultur, oppvekst og helse. I tillegg er det svært gode fritidstilbod til både unge og voksne, anten det er innan idrett eller kultur. Vi har god standard på tenesteproduksjonen, og innbyggjarane gir uttrykk for at dei er nøgde med dei kommunale tenestene. Det viser seg likevel at dei økonomiske nedskjeringane slit på ein del tenesteområde, og at mange tilsette har utfordrande kvardagar. Rådmannen er svært imponert over korleis dei tilsette taklar arbeidsdagane, og svært glad for den lojaliteten som både administrasjonen og det politiske nivået viser.

Vi arbeider etter våre verdiar: **Open – Grundig – Modig**

Som administrativ leiar ser eg kor viktig det er med godt samarbeid og samhandling. I Ål kommune er det ein open dialog og positiv innstilling i samhandlinga innanfor administrasjonen, i det politiske miljøet og mellom politikk og administrasjon. Eg takkar for godt arbeid til beste for alle oss som bur i Ål kommune.

**Tone Tveito Eidnes
rådmann**



ÅL KOMMUNE

Funksjon	Namn
Rådmann	Tone Tveito Eidnes
Kommunalsjef oppvekst	Eldgrim Springgard
Kommunalsjef helse og sosial	Karsten Dideriksen
Personalsjef	Unni Sørensen
Økonomisjef	Erika Maria Braaten
Kultursjef	Hilde L. Bjørnsvik
Kommunalsjef drift og utvikling	Reidun Aaker
Tenesteområdet Oppvekst	Namn
Stab	Kommunalsjef Eldgrim Springgard
Ål ungdomsskule	Rektor Anne Marie Stokkedal
Nedre-Ål skule	Rektor Ellen A.B. Ellingsgard
Skattebøl skule	Rektor Kjell Arne Haavaldsen
Leveld skule	Rektor Per Ove Nybråten Frå 01.08.18 Simen Rasmussen Elander
Torpo skule	Rektor Per Egil Kolsrud
Sundre barnehage	Styrar Tone Lyngvi
Skattebøl barnehage	Styrar Grete T. Hagen
Torpo barnehage	Styrar Mette Oleivsgard
Nordbygdane barnehage	Styrar Einfrid Hagen
Ål kulturskule	Rektor Iris Almås Tangeraas
PPT for Ål og Hol	Avdelingsleiar Lennart Artmann
Helsestasjon	Avdelingsleiar Anikken Jensen Teigen
Vaksenopplæringa	Avdelingsleiar Silje Landsmann-Wiwe
Sando barnehage	Styrar Bernt Ivar Hjelmsø



ÅL KOMMUNE

Tenesteområdet Helse- og sosial	Namn
Stab	Kommunalsjef Karsten Dideriksen
Tunet	Avdelingsleiar Marit Øen Li
Stugu	Avdelingsleiar Tone Fossgård Berg
Miljøterapitenester 1	Avdelingsleiar Karin Redalen
Miljøterapitenester 2	Avdelingsleiar Marianne Skarpås
Heimetenenester	Avdelingsleiar Herbjørg D. Bjerke
Psykisk helse	Avdelingsleiar Maj Britt Svartveit
Legetenenester	Avdelingsleiar Sissel Skrindo
Ergo- og fysioterapi	Avdelingsleiar Live Magnetun
NAV	Avdelingsleiar Margit Solveig Thon Frå 19.03.18 vikar Torhild H. Bergaplass
Tenesteområde Drift og utvikling	Namn
Stab	Kommunalsjef Reidun Aaker
Utviklingsavdelinga og VAR	Avdelingsleiar Svein Furuhaug
Veg og park	Avdelingsleiar Dag Hovde
Byggforvaltning	Avdelingsleiar Trond Ellingsen
Reinhalld	Avdelingsleiar Kristin Romslo Lunden
Tenesteområde Kultur	Namn
Kulturkontor	Kultursjef Hilde Bjørnsvik
Biblioteket	Biblioteksjef Anne Kaslegard
Ål kulturhus	Kulturhusleiar Anita Borrmann Skoglund
Fellesfunksjonar	Namn
Personalkontor	Personalsjef Unni Sørensen
Servicetenester	Avdelingsleiar Turid Hilde Gåsbakk
Andre tenesteområde	Namn
Hallingdal barnevernteneste	Barnevernleiar Helene Sagabråten



ÅL KOMMUNE

Medarbeidarar og personalforvaltning

Ål kommune ynskjer å gi medarbeidarane ein meiningsfull og utviklande arbeidskvardag, bygd på tillit, tydelegheit og tilgjengeleghet. Kommunen sine tilsette er den viktigaste ressursen vi har, for å kunne gi innbyggjarane våre eit fullverdig tenestetilbod.

Ved utløpet av 2018 hadde Ål kommune 471 årsverk fordelt på 625 tilsette.

REKRUTTERING / KOMPETANSE

For å kunne gi gode tenester til innbyggjarane i Ål, må vi så langt det er mogeleg sikre at vi har den rette kompetansen som krevst. Vi arbeider med å kunne behalde den gode kompetansen vi har, og samtidig jobbe med å rekruttere ut frå dei behov vi til ei kvar tid har. Dei største utfordringane når det gjeld rekruttering i framtida, vil vere behovet for kvalifisert fagpersonell i helse- og omsorgssektoren. Det blir stadig fleire og meir krevjande oppgåver for fagpersonalet.

Kommunane i Hallingdal hadde ein fin felles stand på Yrkesmessa på Storefjell i januar.


Innan pleie og omsorg er det òg stort behov for helsefagarbeidrarar i tida som kjem. Vi arbeider difor for at assistentane våre skal få auka kompetanse ved å bli fagarbeidrarar. Denne kompetansen får dei gjennom realkompetanse, deltidsopplæring ved vidaregåande skule og «Bli helsefagarbeidar med ABC». Eldreomsorgens ABC er eit tilbod gitt internt i kommunen.

Kommunen legg til rette for at medarbeidarane skal kunne auke kompetansen sin. Sektorane har sine eigne kompetanseplanar. Ål kommune har retningslinjer for økonomisk støtte ved kompetanseheving og utdanning. Dette gjev like reglar uansett kvar i kommunen den tilsette arbeider.

Kommunane i Hallingdal arbeider saman med å sjå på mogeligheta til å få til desentraliserte utdanninger i samarbeid med Høgskulen i Sogndal. Det er inngått samarbeid med Høgskulen i Sogndal om eit kompetanseløft for lærarar. Vidareutdanning på fagskulenivå innan helse er starta i 2018.

LÆRLINGAR

Ål kommune haddefem lærlingar i 2018. Det er eit ynske om å alltid ha fem lærlingar. Så langt det er mogeleg ynskjer vi å kunne gje tilbod om læreplassar til dei av ungdommane våre som treng det. Vi hadde i 2018 lærlingar i helsefagarbeidarutdanning og barne- og ungdomsfaget.



ÅL KOMMUNE

INNOVASJON – OPPLÆRING -LEIARUTVIKLING

Avdelingsleiarane har i 2018 fortsett med eit leiarprogram om endring og fornying.

Det har vore læring i endrings- og innovasjonsmetodikk. Innovasjon er å skape nye og betre løysingar. Eit prosessverktøy er BLT metoden. BLT står for: Behov- Løysing-Test. Det er svært viktig å spørje «kva er behovet», før vi finn ei løysing. Nyttig er det og å gjere ein mindre test av løysinga før ho blir implementert ut i større skala. I programmet har vi hatt med oss prosessrettleiarar frå AFF, Stig Roar Wigestrød og Kari Gystad.

I april hadde vi ein HMS-dag med leiarar og verneombod der tema var samarbeid og samspel. Dette var ein flott og nyttig dag. Vi hadde med oss HMS-rådgjevar i HAVA BHT, Terje Nordal.

På hausten hadde vi opplæring ved advokat Harald Pedersen i temaet "Handtering av personkonfliktar og trakassering"

Innhaldet i kurset var:

- Sentrale koplingar (jus - psykologi, arbeidsmiljø - kontraktvern m.v.)
- Metodekritisk tilnærming til konflikthandtering
- Arbeidsmiljøloven sine grenser med særleg vekt på personkonfliktar og trakassering
- Juridiske roller på arbeidsplassen med vekt på arbeidsgjevar sin styringsrett
- Juridiske prinsipp for sakshandsaming

På dette kurset hadde vi med tillitsvalde og verneombod. Etter kurset reviderte vi rutinane våre på dette tema.

NYTT BLIKK

Ål kommune har vore med i eit nasjonalt læringsnettverk, NyttBlikk. Dette med mål om å arbeide for å utvikle ein heiltidskultur. Arbeidet med heiltidskultur vart intensivert gjennom revidering av Heiltidserklæringa hausten 2015. KS, Fagforbundet, Delta og Norsk Sykepleierforbund (NSF) ynskte å intensivere arbeidet med å redusere deltidsarbeid og utvikle ein heiltidskultur i pleie- og omsorgssektoren. Som ei oppfølging av Heiltidserklæringa vart læringsnettverket NyttBlikk oppretta og gjennomført i regionen (BT) 2015-2017. Ved å utvikle ein heiltidskultur vil vi kunne oppnå betre kvalitet, betre effektivitet og betre arbeidsmiljø.

Deltids-utfordringane er størst i helse- og omsorgssektoren, og særleg innanfor turnusavdelingane. Turnusavdelingane var difor fokusområdet i dette prosjektet. Sjølve prosjektet starta i 2015 og vart avslutta i 2017. Vi valde å vidareføre prosjektet, slik at helse og omsorg fortsatt skal ha eit fokus på dette med å utvikle ein heiltidskultur.



ÅL KOMMUNE

HMS – HELSEFREMMANDE ARBEID

Alle leiarar og verneombod gjennomfører grunnkurs i arbeidsmiljø i regi av Hallingdal og Valdres bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Årleg vert det laga ein aktivitetsplan som viser kva for oppgåver som skal prioriterast innan HMS i samarbeid med HAVA BHT.

Leiarane i Ål kommune er gode på å integrere HMS i den daglege drifta. Kvart år har vi revisjon av HMS-boka. Vi tek med oss ulike leiarar og verneombod for kvart år, slik at alle gjennom litt tid har vore med på internrevisjon. Tilbakemeldingane er at dette gir god læring om HMS, dei opplever å få eit eigarforhold til HMS og blir trygge på innhaldet.

Motto for HMS-arbeidet er: trivsel, tryggleik og arbeidsglede.

Kommunen har eit mål om at alle dei tilsette skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. Vernetenesta er ein viktig ressurs for å nå dette målet. Kommunen har ei aktiv verneteneste som er i stadig utvikling. Vi har innført «verneombodet sitt kvarter» på personalmøta, kor dei får ta opp aktuelle saker og tema. Verneombod og leiar har faste møter ein gong i månaden. Det er også innført «tre parts»/ samarbeidsmøter i avdelingane, der leiar, verneombod og tillitsvald møtast. Dei skal møtast minst fire gongar i året. Gode relasjonar og eit godt samarbeid mellom ulike partar og roller er viktig for å lykkast med eit godt arbeidsmiljø. Verneomboda i kommunen har faste møte, der dei deler erfaringar og får påfyll av ny kunnskap. Dette er det Hovudverneombodet og personalkontoret som er ansvarlege for.

I april hadde vi ein HMS-dag med leiarar og verneombod der temaet var samarbeid og samspel. Dette var ein flott og nyttig dag. Vi hadde med oss HMS-rådgjevar i HAVA BHT Terje Nordal.

BEDRIFTSHELSETENESTE

Ål kommune har medlemskap i HAVA BHT (Hallingdal og Valdres bedriftshelseteneste). Vi har avtale om kjøp av 220 timer pr. år. Årleg vert det utarbeidd ein aktivitetsplan mellom kommunen og HAVA BHT for disponering av timer. Leiarar og verneteneste kjem med ønsker om ulike aktivitetar og tiltak som HAVA BHT skal hjelpe kommunen med. I 2017 brukte vi HAVA BHT meir enn det som var avtalt. Dei er ein viktig ressurs for kommunen.

INTERN OPPLÆRINGSPLAN

I 2011 starta vi med intern opplæringsplan. Opplæringsplanen er spesielt retta mot leiarar, men også verneombod, tillitsvalde og andre interesserte kan vere med. Vi tek opp tema som er aktuelle for leiarane, sett i lys av aktivitetsplanen og årshjulet. Det er kome gode tilbakemeldingar på at dette er



ÅL KOMMUNE

eit godt tilbod. Tema på samlingane er blant anna opplæring i HMS-rutinar og gjennomgang av dokumenta i Arbeidsgjevarstrategi for personalforvaltning i Ål kommune.


JUBILEUMSFEIRING

12. juni 2018 arrangerte vi jubileumsfest. Tilsette som har hatt arbeid i 30 år i Ål kommune, får gullklokke, og dei som har hatt arbeid i 40 år får reisegåvekort.


30 års jubilantar: Brita E. Backe (Sando barnehage), Inger Tveitehagen (Ål ungdomsskule), Øystein Lappgard (Helse stab), Arvid Bjørke (Leveld skule), Helen Lauritsen (Skattebøl skule), Reidun Aaker (drift og utvikling), Kristin Lunden (reinhald) Ingeborg Killingberg (Torpo barnehage).

Vi hadde to jubilantar som hadde arbeidd i Ål kommune 40 år, det var: Dagrun Istad (Skattebøl skule), Liv K. Eliassen (Heimetenester).





ALDERSSAMANSETTINGEN I ÅL KOMMUNE 2017-2018




NÆRVÆRARBEID

Nærværet i kommunen har i 2018 vore på 92,8 %, mot 92,5 % i 2017. Tala for nærvær kjem fram ved å rekle 100 % nærvær og trekke frå summen av legemeldt og eigenmeldt fråvær. Når ein berre reknar legemeldt fråvær, er nærværet i 2018 på 94,6 %, mot 93,3 % i 2017. Vi har eit mål om å liggje rundt 95 % nærvær. Nærværet har i det store biletet vore bra, men einskilde avdelingar har store utfordringar. Det er sett i gang to prosjekt kalla «Tett på» i avdelingar som har hatt stort fråvær. Der nyttar vi oss av bedriftshelsetenesta, HAVA BHT. Det er viktig å setje inn tiltak der vi ser det er behov.

Leiarane gjer eit veldig godt arbeid både når det gjeld oppfølging, tilrettelegging og førebyggjande tiltak for dei tilsette. Kommunen er ei IA-bedrift og har nært samarbeid med IA-rådgjevar i NAV arbeidslivssenter. IA-rådgjevar og bedriftshelseteneste blir brukt i nærværarbeid, og dei har hatt spesielt fokus på nokre store avdelingar. Vi har sett at det har gjeve resultat.


Personalrådgjevar og HVO (hovudverneombod) har vor rundt i avdelingane og møtt leiarar og verneombod. Dette er nyttige møter.



ÅL KOMMUNE

Internopplæringa som blir gjennomført i kommunen gjer leiarane meir bevisste og fokuserte på faktorane som er viktige i arbeidet med nærvær.

Vi har brukt rehabiliteringscoach som samtalepartnar for nokre av dei som står i fare for å bli sjukemelde og for nokre av dei som er ute i sjukmelding. Dette har gjeve gode resultat.



LIKESTILLING OG LIKELØN

Kommunen følgjer gjeldande lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna. Løn til tilsette i samsvar med gjeldande tariffavtalar bidreg til likebehandling mellom kjønna ved at det er lik lønn for likt arbeid. Kommunen sin lønnspolitikk skal sikre lik utvikling av løn for kvinner og menn. Det er til ei kvar tid fokus på likelønn innanfor same yrkeskategori. Dette er særleg aktuelt ved nyrekuttering, og ved lokale lønnsforhandlinger.

Kvinner utgjer 80 % av kommunen sine tilsette. Dei siste åra har dette vore uendra. Kommunen avspeglar eit typisk biletet der kvinner vel omsorgsyrke, barnehage og skule.

Kommunen har stor prosent av kvinner i leiarstillingar. På toppleiarnivå, i rådmannsteamet, er det fem kvinner og to menn. På mellomleiarnivå er det 74 % kvinner - 23 kvinner og 8 menn.

Gjennomsnittleg løn for mellomleiar:

Kvinner kr 627.000

Menn kr 636.000



ÅL KOMMUNE

INTEGRERING

Ål kommune arbeider for likestilling og mot diskriminering. Ål kommune ynskjer at dette skal vere integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd. Kommunen er ein stor arbeidsplass.

Ved stillingsutlysingar der det er kvalifiserte søkerar av begge kjønn, er hovudregelen at både menn og kvinner blir kalla inn til intervju. Det same gjeld viss det er kvalifiserte søkerar med innvandringsbakgrunn.

Ål kommune er bevisst sitt samfunnsansvar, og vi tek inn mange på ulike tiltak. Dette er eit viktig arbeid med tanke på integrering av dei med lågare funksjonsevne og arbeidstakrar som av andre årsaker treng arbeidstrening, språktrening eller anna.

ETISK STANDARD

Ål kommune har eigne etiske retningsliner. Høg etisk standard krev ein stadig prosess der open kommunikasjon og refleksjon rundt etiske problemstillingar blir ivaretake på dei ulike arbeidsplassane i organisasjonen. Dette var eit av tema vi hadde då leiarar og verneombod var saman på ein HMS-dag. Dei etiske retningslinene er ein del av kommunen sin arbeidsgjevarstrategi og er også ein del av tema i introduksjonen for nye tilsette. Etikk i det daglege er viktig for å styrke og utvikle den etiske standarden som skal kjenneteikne Ål kommune.


ÅR	OVERSIKT OVER ALDER / STILLINGSSTØRRELSE VED UTTAK AV ALDERSPENSJON I ÅL KOMMUNE									SPK	TOTALT	
	KLP											
	62	63	64	65	66	67	68	69	Antall KLP	67	Antall SPK	
2008						3/100 %			3		0	3
2009	1/100 % *	1/100 % *							2	1/100 %	1	3
2010			3/100%*						3		0	3
2011			2/100%*		1/100%				3		0	3
2012	1/100%*		2/100%*		1/100%		1/100%		5		0	5
2013		1/100%*			1/100%		1/100%		3		0	3
2014	2/100%*		1/100%*		5/100%				8		0	8
2015	3/100%*				2/100%				5		0	5
2016	1/100%		1/100%		2/100%				4		0	4
2017	1/ 50%*			1/100%	1/100%				4		0	4
2018	3/100 % *	2/100 % *	1/100%		2/100%	1/100%			8	2/100 %	2	10

*85 ÅRSREGEL ELLER AVG.SÆRALDERSGRENSE 65 ÅR

Interkommunale samarbeid og tenester

Ål kommune løyser ikkje alle oppgåver innanfor eigen organisasjon. Kommunen deltek i ei rekke interkommunale samarbeid for å sikre tenestetilbodet, økonomien og kompetansen på område der slik organisering er hensiktsmessig.

Overføringer til selskap og samarbeid på utsida av kommunens organisasjon ligg på budsjetta til ulike avdelingar. Detaljar kring resultat og avvik i slike samarbeid og selskap kjem i eigne årsmeldingar og rekneskap, og desse vert lagde fram for kommunestyret i ei eiga sak. Arbeidet med eigarskapsmelding vart påbyrja og fremja som høyringssak i 2010. Meldinga vart lagt fram for vedtak første gong i kommunestyret i K-sak 21/11, 14. april 2011. Meldinga tek for seg dei ulike selskapa og samarbeida kommunen deltek i. Meldinga vart revidert sumaren 2013. Det vart vedteken ei ny eigarskapsmelding i K-sak 51/13.



ÅL KOMMUNE

PRIMÆRTENESTER

Sentraladministrasjon


Rekneskapen for sentraladministrasjonen viser eit netto meirforbruk på kr. 268 762. Sektoren består av fleire ansvar m.a. rådmann, Hallinghelse, personaltenester, servicetenester, EDB og barnevernsteneste. Dei største felleskostnadene som blir ført her er IKT-Hallingdal med ca. kr 10 mill.

10. Overforbruk på løn skuldast i hovudsak løn til folkevalte og møtegodtgjersle.
11. Her førast m.a. datakommunikasjon, opplæring, forsikringar, lisensar, serviceavtalar og konsulenttenestar.
13. Avvik skuldast tilskot til Regionrådet (strategisk næringsplan).
15. Dette er avsetning til øyremerka midlar til lærepllassar(lærlingar).

17. Her førast momskompensasjon kr. 635 804, tilskot KS og opplæringskontor kr. 580 000, tilskot frå kommunar kr. 213 000 (IKT), tilskot frå private OU midlar kr 392 000 og andre refusjonar.
19. Gjeld renteinntekter.

Tabellen under visar netto resultat utan Hallinghelse og Barnevernsteneste.

Sentraladministrasjon	Regnskap 2018	Buds(end)	Avvik(per.)
		2018	
10 Løn inkl sosiale utgifter	15 228 247	14 870 000	-358 247
11 Kjøp av varer og tjen som inngår	16 010 881	15 737 000	-273 881
13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter	2 212 138	1 942 000	-270 138
14 Overføringer	2 793 736	2 176 000	-617 736
15 Finansutg	396 350	0	-396 350
sum utgifter	36 641 353	34 725 000	-1 916 353
16 Salgsinnt	-689 595	-732 000	-42 406
17 Refusjoner	-2 169 429	-530 000	1 639 429
19 Finansinnt	-50 568	0	50 568
sum inntekter	-2 909 591	-1 262 000	1 647 591
	33 731 762	33 463 000	-268 762



ÅL KOMMUNE

Oppvekst

«Betre læring i Ål kommune» er, ved sida av nasjonalt lov- og planverk, styringsverktøy for oppvekstsektoren.

Kvalitetsmål som alle avdelingane i oppvekst styrer mot, er i perioden 2016-2020:

A. Tett og tidleg på:

→ Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.

B. Læringsutbytte:

→ Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.

Drift og endringsarbeid vart rapportert til kommunestyret i «Tilstandsrapport 2018 for oppvekstsektoren i Ål kommune, sak 12/19. I tillegg fortel årsmeldingane frå avdelingsleiarane om mykje godt arbeid i sektoren.

Samla resultat for sektoren i 2018 er eit meirforbruk på 2,9 millionar kroner. Avviket blir forklart i kommentarane under tabellen.

RESSURSBRUK PR. RESULTATOMRÅDE

Avdelingsvise avvik (tal i 1000)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett inkl. endringar	Avvik	Note
2000 Skulekontoret	3 592	3 867	3 535	-332	1
2010 PPT for Ål og Hol	2 895	3 361	3 315	-46	2
2020 Barnehagar	24 588	26 851	27 040	189	3
2030 Skular	61 677	65 474	62 778	-2 696	4
2050 Musikk- og kulturskule	2 085	2 493	2 311	-182	5
2060 Leirskule	-9	-34	0	34	6
2080 Helsestasjon	3 067	3 300	3 266	-34	7
2090 Innvandrartenesta	9 916	5 978	6 114	136	8
Sum	107 811	111 290	108 359	-2 931	

Note:

1. Største enkeltavviket er auke i pensjonskostnader (KLP) som ikkje var budsjettert.
2. Ål deler utgiftene med Hol. Talet er Ål sin del. Største enkeltavviket er kjøp av lisensar til digitaliserte kartleggingsverktøy.
3. Barnehagane går med eit lite overskot. Pensjonskostnadane til KLP vart over 700.000 kroner dyrare enn budsjettet. Vakante stillingar pga. lågt barnetal, «berga» budsjettet til barnehagane.
4. Meirforbruket til skulane kjem i hovudsak av store utfordringar og oppfølging av enkeltelever: Nedre-Ål 2,1 mill., Leveld 0,5 mill. og Skattebøl 0,3 mill.
5. Etterbetaling av kveldstillegg er det største enkeltavviket.
6. Ål kommune har det pedagogiske ansvaret ved Hallingdal leirskule og har frå hausten 2016 tre leirskulelærarar i ein stillingsprosent som blir finansiert med refusjon frå kommunane som kjøper leirskuleoppdraget.
7. Frå 1.10.2018 får ikkje kommunen refundert faktiske jordmorutgifter for blindalarm frå Helfo.
8. Utgifter til sosialhjelp er flytta frå Innvandrartenesta til NAV. Difor nedgang frå 2017.





ÅL KOMMUNE

AKTIVITETEN I 2018

Statistikk

KOSTRA, GSI og Utdanningsdirektoratet har statistikk for Ål. Her er nokre tendensar:

- Ål innfriar den lovbestemte retten til barnehageplass.
- Grunnskulen i Ål hadde skuleåret 2017/2018 9 elevar per lærar. Landsgjennomsnittet er litt over 12 elevar per lærar.
- 13 % av elevane har vedtak om spesialundervisning.
- Resultat frå nasjonale prøver er for 5. trinn under landsgjennomsnittet i engelsk og rekning, og noko over i lesing.
- Resultat på nasjonale prøver er for 9. trinn på landsgjennomsnittet.
- Eksamensresultat for 10. trinn er dette året over landsgjennomsnittet i norsk og matematikk, og på landsgjennomsnittet i engelsk.
- Samla karaktersnitt etter 10. klasse (grunnskulepoeng) er 41, landsgjennomsnittet er 41,7.
- I elevundersøkinga er det liten skilnad mellom Ål og det nasjonale gjennomsnittet.

Arbeid i 2018


Drift og utviklingsarbeid i sektoren følgjer årshjul for kvalitetsmåla i Betre læring. Viser til «Tilstandsrapport 2018 for oppvekstsektoren i Ål kommune». Nokre stikkord:

- Skular og barnehagar er med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skolemiljø».
- Barnehagane arbeider med implementering av ny nasjonal rammeplan gjeldande frå august 2017.
- Skulane arbeider med innføring av læringsbrett og PC 1:1. Investering og opplæring.
- Felles kompetanseutvikling i Hallingdal i samarbeid med høgskulen på Vestlandet.
- Felles leiarstøtteprogram i Hallingdal for pedagogiske leiarar, styrarar og skuleleiarar.

RESSURSUTVIKLING

Oppfølging av barn og elevar i oppveksten er ei god investering både for enkeltindividet og for samfunnsøkonomien. Både barnetal i barnehage og elevtal går ned. Dette aukar utgiftene per barn og per elev. Tal elevar med store hjelpebehov krev ekstra ressursar.





ÅL KOMMUNE

UTVIKLING OVER TID

Kostnad pr. barn i barnehagen

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011*	2010	2009	2008
Netto utgift (1000 kr)	29 678	29 122	29 027	28 165	26 366	24 176	23 031	20 663	5 205	5 073	4 072
Tal barn	173	189	199	203	220	214	207	206	207	207	201
Kostnad pr. barn	171 549	154 085	145 864	138 744	119 845	112 971	111 260	100 305	25 145	24 507	20 259

Tabellen syner netto kostnad pr. barn i barnehage uansett lengde på opphold.

Merknad: Berekningsgrunnlag er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2020. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030. Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med. Frå 2011 vart barnehagane finansiert via rammetilskotet til kommunen på lik linje med skulane. Tidlegare vart barnehagane finansiert via statstilskot.

Kostnad pr. elev i grunnskulen

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012*	2011	2010	2009	2008
Netto utgift (1000kr)	77 428	73 493	71 664	70 820	68 644	68 094	67 400	62 300	59 000	57 200	50 100
Elevtal	581	590	638	634	641	643	642	642	643	645	632
Kostnad pr. elev	133 266	124 564	112 326	111 703	107 089	105 900	104 984	97 127	91 757	88 682	79 272

Merknad:

Berekningsgrunnlag er netto utgift på ansvar 2000, 2010 og 2030. Ansvar 2000 og 2010 er delt 30/70 mellom 2020 og 2030. Frå 2012 er reinhaldsutgifter frå ansvar 6030 og utgifter til byggforvaltning frå ansvar 6040 teke med.

PPT

PPT tok i mot 48 nye tilmeldingar i 2018. I 2017 var talet 43, i 2016 var talet 56, i 2015 var det 46 og i 2014 var talet 74. Gjennom primærkontaktarbeidet ynskjer PPT å dreie meir av innsatsen over mot systemarbeid. I 2018 vart ny rutine for tilpassa opplæring teke i bruk. PPT skriv i si årsmelding at etterspørslene etter systembaserte tenester aukar.

INNVANDRARTENESTA

Innvandartenesta samlar flyktningetenesta og vaksenopplæringa for framandspråklege.

Flyktningetenesta busette ingen flyktningar i 2018, men har oppfølging av ca. 85 flyktningar med butid på fem år eller mindre. Av desse er 42 vaksne, 5 einslege mindreårige (16-20 år) og 38 barn. Utfordringa er å få flyktningane ut i arbeid etter at introprogrammet er avslutta.

Vaksenopplæringa (VO) held til i gamle Doktor'n og ser fram til å kunne flytte inn i nye lokale. Etter at mottaket på Torpo vart lagt ned i mai 2017 har elevtalet vore ca. 30. Ål kommune hadde 9 elevar på grunnskule for vaksne på Læringsenteret Gol. Hausten 2018 starta VO opp ein klasse for arbeidsretta norskundervisning for dei som ikkje ynskjer å gå vidare på skule.



ÅL KOMMUNE

HELSESTASJONEN

Det vart fødd 20 barn i Ål i 2018.

Statistikken under syner ansvarsområde helsestasjonen skal ivareta:

	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Fødte	20	45	33	44	45	35	48	55	46
Konsultasjonar hos jordmor	444	559	613	547	503	455	503	614	536
Tal på besøk ungdomshelsestasjon	126	85	104	161	89	173	175	161	142
Konsultasjonar barn <5 år	1011	1224	960	976	929	951	916	617	837
Konsultasjonar skulebarn i grunnskulen/vgs	3273	2211	2428	2 400	1 761	1 737	1 361	1 127	968
Reise- og influensavaksinasjonar	892	764	646	555	483	669	580	924	816

Talet på konsultasjonar for barn frå 0-5 år har auka mykje dei siste to åra. Forklaringa er at alle som har født skal ha eit besøk av jordmor innan 4 dagar etter heimreise. Fleire barn enn normalt er premature eller har medfødt diagnose. I tillegg tek fleire foreldre telefonkontakt. Det er også ein auke i reise- og influensavaksinering.

KULTURSKULEN

Ål kulturskule var 40 år i 2018 og jubileumsframsyninga var i februar. I april var Ål kulturskule med på framsyninga Exit på Den Norske Opera og Ballett. I tillegg har kulturskulen ei rekke framføringer gjennom året. Hausten 2018 fekk kulturskulen støtte frå Norsk kulturskuleråd til å etablere eit fordjupingsprogram for dans i Hallingdal. Hallingdal Dansekompagni vart med det etablert.

Årstal	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004
Elevplassar	355	339	353	340	360	368	340	325	370	360	307	276	230	217	227
Venteliste	38	40	27	49	70	116	123	95	44	66	58	53	60	78	90



ÅL KULTURSKULE 40 ÅR – FOTO: ÅDNE KVAMMEN



ÅL KOMMUNE

HALLINGDAL LEIRSKULE

Hausten 2016 starta Hallingdal Feriepark med leirskule. Ål kommune har ansvar for det pedagogiske opplegget og har tilsett tre lærarar som er knytt til leirskulen i ein prosentdel. I 14 veker er mellom 60 og 100 elevar på leirskuleopphald i Ål. Leirskulen får mykje hjelp frå lokalsamfunnet for å gjennomføre interessante undervisningsopplegg for leirskuleelevene.



UTFORDRINGAR I 2019

- Rekruttere fagfolk med rett kompetanse til oppvekstsektoren.
- Halde fram arbeidet med å konvertere frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.
- Gjennomføre IKT-prosjektet etter oppsett framdrift.
- Arbeide med fagfornyinga fram mot 2020.
- Samordne drift og utvikling i barnehage- og skulebasert arbeid.



ÅL KOMMUNE

Helse og omsorg

OPPSUMMERING


Helse- og omsorgssektoren har i 2018 arbeidd for å gje innbyggjarane nødvendige tenester av fagleg god kvalitet innanfor dei måla og dei rammene kommunestyret har vedteke. Det har vore eit krevjande år, der ein i tillegg til vanleg drift har omorganisert drifta av dagsentera, støtteteam (koordinerande eining, oppskokane-/demensteam), endra drifta av institusjonsplassane ved Ål helsesenter og opna del to av Nigarden bufellesskap.

I 2018 har behovet hjå innbyggjarane våre auka jamt – ein trend som passar godt med befolkningssamansetjinga på Ål. Fleire innbyggjarar har hatt behov for omfattande tenester. Vi har klart å dekke dei fleste sjølve, men vi har også kjøpt nokon plassar/tenester hjå private aktørar. Vi har dekt oppståtte meirkostnadane i enkelte tenester innanfor sektoren sitt totale nettobudsjett.


Samla resultat for sektoren i 2018 er eit mindreforbruk på kr 6 000,-

Kommunalsjefen meiner:

Medarbeidarane i sektoren har levert godt og solid arbeid i året som gjekk!



Ansvar	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett inkl. endring 2018	Avvik i NOK	Avvik %	Note
3000 Sektorleiar helse- og omsorg	-13 346	-15 038	-9 516	5 522	158,03	1
3010 Intermediær avdeling	2 673	3 132	5 422	2 290	57,76	2
3020 Legeteneste	8 058	9 288	8 673	-615	107,10	3
3021 Interkommunal legevakt	2 200	2 422	2 881	459	84,06	3
3030 Ergo-/fysioterapi	5 473	5 973	5 948	-25	100,42	4
3040 NAV	5 001	6 559	7 184	625	91,30	5
3050 Stugu	19 756	21 611	20 938	-673	103,22	6
3060 Tunet/natt	8 589	8 999	7 694	-1 305	116,96	6
3070 Tunet/natt	18 768	18 941	20 000	1 059	94,70	6
3080 Miljøterapiavdeling 2	13 955	16 269	13 891	-2 378	117,12	6
3090 Miljøterapiavdeling 1	15 115	17 121	14 734	-2 387	116,20	6
3100 Psykisk helse og rus	5 180	8 405	6 119	-2 286	137,36	7
3120 Heimetenesta	22 801	24 773	23 515	-1 258	105,35	6
3999 Øyremerka tilskot helse	0	-978	0	978	0,00	
Utgifter	176 260	202 961	160 597	-42 364	126,38	8
Inntekter	-62 037	-75 484	-33 114	42 370	227,95	8
Totalt	114 224	127 477	127 483	6	100,00	8



ÅL KOMMUNE

Note:


- 1: Høgare inntekter/ tilskot til kursverksemd og refusjon for kostnadskrevjande brukarar. Innsparingar gjort i fellesutgifter for å dekke meirforbruk på løn og vikartenester i omsorgsavdelingane. Det er avsett 8.223.000,- i bundne/øyremerka midlar frå 2018 til 2019.
- 2: Intermedier avdeling har hatt eit mindre underskot enn budsjettet.
- 3: Legetenester og interkommunal legevakt gjekk stort sett i balanse i 2018.
- 4: Økonomisk balanse. Tenesteproduksjonen har vore forandra sia november da avdelinga overtok ansvaret for dagsenterfunksjonar, koordinerande eining og oppsøkande team.
- 5: NAV (kommune) har eit mindreforbruk. Mindreforbruket skuldast stort sett mindre utbetaling i økonomisk sosialhjelp.
- 6: Meirforbruket skuldast auka brukarbebehov. Me har brukt mykje ekstravakter, både på dag, kveld, natt og i helgene. Me har brukt vikarfirma i periodar med behov for fagbemannning utover det me har sjølve. Samtidig fortset trenden med at tenesteomfanget til dei yngre brukarane aukar mest. Det er auke i utgiftene til brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Dei auka utgiftene blir dekte av auka inntekter. Desse inntektene er ført på ansvar 3000.
- 7: Me fortset ei forskying av ressursar frå miljøtenesta til innsats mot skulen og familiær. Me prøver å oppretthalde stor grad av tilgjenge og kort responstid for brukarar og alle våre samarbeidspartar. Det er godt samarbeid med heimetenesta for dei som treng tettare medisinsk oppfølging. Meirforbruket skuldast kjøp av plass. Denne utgiften skal sjåast som ein del av heile sektorens rekneskap.
- 8: Samla resultat for sektoren er eit mindreforbruk på kr 6.000,-. Dei store avvik i utgifter og inntekter handlar for ein stor del om behov hjå enkeltbrukarar og korleis me har budsjettert interkommunal legevakt og IMA.

Art sifferbrud 2	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett inkl. endring 2018	Avvik i NOK	Avvik %	Note
10 Løn inkl sosiale utgifter	121 123	135 065	132 054	-3 011	102,28	1
11+12 Kjøp av varer og tjen som inngår	17 681	17 504	9 746	-7 758	179,60	2
13 Kjøp av vare og tjenester som erstattar	22 126	29 104	14 278	-14 826	203,84	2
14 Overføringer	4 270	5 356	4 519	-837	118,53	3
15 Finansutg	4 996	8 252	0	-8 252	0,00	4
16 Salgsinnt	-14 562	-13 610	-11 260	2 350	120,87	5
17 Refusjoner	-37 745	-46 778	-21 464	25 314	217,94	5
18 Overføringer	-752	-3	-390	-388	0,64	7
19 Finansinnt	-2 914	-7 414	0	7 414	0,00	6
Utgifter	176 260	202 961	160 597	-42 364	126,38	
Inntekter	-62 037	-75 484	-33 114	42 370	227,95	
Totalt	114 224	127 477	127 483	6	100,00	

Note:

- 1: Meirforbruk på løn grunna auka brukarbebehov, refundert via sjukelønsrefusjon og refusjon for kostnadskrevjande brukarar.
- 2: 11,12 og 13 må sjåast i samanheng. Bruk av vikarfirma og utgifter til ULOBA (organisasjon som administrerer brukarstyrt personleg assistent for ein brukar i Ål).
- 3: Betaling til Hallingdal kriesenter, pasientskadeerstatning og MVA. Refundert MVA er på art 17.
- 4: Overføringer av øyremerka midlar til 2019. I hovudsak øyremerka midlar til utdanning/ opplæring og tilskot på NAV.
- 5: Auka inntekter på prosjekt, opplæring og kostnadskrevjande brukarar. Sjukelønsrefusjon og momsrefusjon blir ikkje budsjettert (ikkje utgifter eller inntekter).
- 6: Øyremerka midlar overført frå 2017.
- 7: Kompensasjonstilskott som har falle bort.





ÅL KOMMUNE


Tenester, kun dei viktigste er teke med		Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Avvik %
1201	Administrativ leiing	1 504	1 349	1 251	-98	107,83
1208	Kompetanseutvikling	-26	53	195	142	27,04
2331	Helseførebyggande tiltak	1 569	1 691	1 629	-62	103,81
2341	Aktivisering	2 159	2 210	3 023	813	73,12
2342	Støttekontakt	307	262	398	136	65,75
2343	Transportteneste	126	109	150	41	72,34
2411	Legetenester	5 999	7 087	6 657	-430	106,45
2412	Legevakt	3 091	3 494	3 711	217	94,16
2413	Fysioterapeuttenester	2 132	2 008	2 109	101	95,21
2414	Ergoterapi	532	658	669	11	98,34
2415	Rehabilitering/habilitering	1 622	1 890	2 524	634	74,89
2421	Sosialkontoreneste	3 107	3 221	3 509	288	91,79
2431	Tilbod til personar med rusproblem	362	538	431	-107	124,88
2511	Barneverntiltak i familien	8	1 242	0	-1 242	0,00
2523	Institusjon	0	1 926	0	-1 926	0,00
2531	Administrasjon, leiing	3 126	3 487	3 253	-234	107,20
2532	Direkte brukarretta oppgåver	42 642	46 404	43 247	-3 157	107,30
2533	Servicefunksjonar	2 176	2 630	2 500	-130	105,21
2541	Administrasjon, leiing	4 524	4 627	5 920	1 293	78,15
2542	Heimetenester	35 933	36 609	40 602	3 993	90,17
2543	Personleg assistent ordning	2 348	2 107	2 000	-107	105,33
2544	Tryggingsalarm	-253	-256	225	481	-113,89
2611	Institusjonslokaler	96	126	10	-116	1 258,13
2651	Bustadar utanfor institusjon	-133	-128	-230	-102	55,86
2731	Arbeidsretta tiltak i kommunal regi	449	387	400	13	96,63
2751	Introduksjonsordninga	-49	391	0	-391	0,00
2811	Yting til livsopphald	1 448	1 317	2 100	783	62,71
2812	Yting til livsopphald - flyktningar	2	1 185	1 200	15	98,73

INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN

Det er investert kr 572.000 i velferdsteknologi, kr 452.000 i tilpassing av Veslestugu (gamle Stugu 1) og kr 455.000 i ny bil. Vi ventar med innkjøp av ny buss, midlane er avsett til 2019.

UTFORDRINGAR I 2019

- Sikre ny rekruttering og at vi beheld våre tilsette. Presset i tenestene er så høgt at vi ser at sjukefråveret går opp
- Modernisere tenesteproduksjonen i pleie og omsorgstenestene, både på institusjon og i heimebasert omsorg. Vi må ha spesielt fokus på velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og demensomsorg.
- Kommunen som heilskap må sjå på tilboden til born og unge og justere det slik at ein unngår unødig ventetid og dobbeltarbeid.



ÅL KOMMUNE

Servicetenester

Servicetenester har dette året som felles mål: service og godt omdømme. Avdelinga består av økonomi/løn, sekretariat og servicetorg. Vi har fra 1.1.18 redusert fra 11,1 til 10,7 årsverk. Vi har hatt 6,9 % sjukefråvær dette året, og har hatt tilgang på 3 vikarar. Fra skulestart i august har vi hatt utplasseringselev frå Ål videregående skole.

Servicetenester yter tenester til både interne og eksterne brukarar. Avdelinga har fagområder innan rekneskap, løn, post/arkiv, politisk sekretariat, servicetorg med ansvar for heimesider, intranett, facebook, kvalitetssystem, personvern, informasjonssikkerheit og sakshandsaming på ulike felt.

Avdelinga representerer åtte ulike regionale grupper: økonomi, løn, web, servicetorg, telefoni, kontor/arkiv, informasjonssikkerheit og personvernombod.

Regional gruppe har dette året sett på eventuell samanslåing eller samarbeid om økonomi/løn. Rådmannsgruppa i Hallingdal valde å fortsetje slik vi har det i dag med tilsette i økonomi/lønn i kvar kommune.


Den nye personvernforordninga trorde i kraft dette året, og det er mange krav som vi no skal innfri, vi har hatt mange gjennomgangar av rutinar og det er fleire kundar som ønsker innsyn i mappa si. Medarbeidar på servicetenester er vald ut som er både personvernombod og til å ha ansvar for informasjonssikkerheita i kommunen.

Ål kommune og servicetenester står ovanfor ei rivande stor utvikling innanfor digitalisering av tenester, og det har påverka avdelinga mykje også dette året. Vi har i 2018 teke i bruk digital sjukemelding, autopay, elektronisk utbetalingar m/fil Sosial og Familia, vedtaksmodul, Svar inn, kopling Visma Flyt skole – Public 360, kopling Enhetsregisteret – Public 360. Me jobbar kontinuerleg med tilpassing, opplæring, oppdatering og nye rutinar for å imøtekome alle endringar.

I 2018 har kommunen fått ansvar for borgarlege vigslar, servicetenester har vore med og utarbeidd rutinar og vore med på gjennomføring av to vigslar. Ål lensmannskontor vart ned 1. juni, og politikontakten har sidan august hatt kontorplass på servicetorget 1 dag i veka.

Servicetorget har vore med og arrangert treff for hytteålingar, sendt 69 velkomstbrev + 47 velkomstbrev/invitasjonar til arrangement til nye innflyttarar til Ål kommune, og er med i bulystteamet.

Avdelinga har hatt fokus på arbeidsmiljø og gjennomført samling med HAVA der temaet var «Motivasjon og arbeidsmiljø i ein hektisk kvardag».




ÅL KOMMUNE

Nøkkeltal	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Tal på besvarte telefonar	12.523	13.513	13.576	14.251	14,841	15.752
Tal på besvarte chat	230					
Bustønad - tal på mottakarar	72	80	82	73	94	100
TT- teneste - tal på søkjalar	94	100	100	96	99	98
Parkeringsløyve for funksjonshemma	24	26	21	12	12	22
Ambulerande skjenkeløyve/enkelarr.	14	8	15	15	13	16
Avlegging etabl.prøve/kunnsk.prøve	16	11	6	8	15	14
Førehandsrøysting - totalt		912		498		730
Tal på søk på heimesida	107.289	110.228	109.302	105.695	120.707	119.527
Tal på gjester på heimesida	57.705	59.307	60.487	53.295	35.383	39.404
Facebook – antall følgere pr 31.12.	1362	1050				
Digital Postkasse – antall pr 31.12.	40,5 %	34,1 %				

Utfordringar i 2019

- Fleire brukarar av Digital postkasse
- Arbeid rundt personvernforordninga
- Få alle avdelingar til å ta i bruk elektroniske timelister og fråvær
- Ta i bruk ny rekrutteringsmodul
- Ta i bruk DigiSyfo
- CIM og beredskap
- Samlokalisering av servicetorg og sekretariat
- Dra meir nytte av kvarandre





ÅL KOMMUNE

Drift og utvikling

OPPSUMMERING

Sektoren har desse fire avdelingane: utvikling og VAR (vatn, avlaup og renovasjon), reinhald, byggforvalting og veg og park. Aktiviteten har samla sett vore høgare enn forventa, både på inntekts- og utgiftssida. Netto rekneskapsresultat ligg på 99 % av budsjettet.

INVESTERINGAR SOM ER GJORT I PERIODEN

Den største investeringa som er slutført i 2018 er utbygginga av Skattebøl barnehage. I tillegg er avdeling Velsestugu i helsetunet oppgradert og automatikken ved svømmebassenget i Leveld oppgradert.

REKNESKAP OG BUDSJETT , SAMLA FOR TENESTER UNNTATT VAR

		Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	Avvik i % (per.)	Note
		2018	2018	0	0	
H	Grp Ansvar: 6 Teknisk					
10	Løn inkl sosiale utgifter	42 328 843	40 951 000	-1 377 843	-3	
11	Kjøp av varer og tjen som inngår	42 045 020	26 936 000	-15 109 020	-36	1)
13	Kjøp av vare og tjenester som erstatter	15 654 255	15 182 000	-472 255	-3	
14	Overføringer	11 854 441	7 502 000	-4 352 441	-37	2)
15	Finansutg	10 193 187	7 186 000	-3 007 187	-30	3)
	Sum utgifter	122 075 746	97 757 000	-24 318 746	-20	
10	Løn inkl sosiale utgifter	-1 802 656	0	1 802 656	-100	4)
16	Salgsinnt	-50 213 497	-35 534 000	14 679 497	-29	5)
17	Refusjoner	-11 605 658	-3 512 000	8 093 658	-70	6)
18	Overføringer	-46 298	-17 000	29 298	-63	7)
19	Finansinnt	-2 495 357	-2 033 000	462 357	-19	8)
	Sum inntekter	-66 163 467	-41 096 000	25 067 467	-38	
	Sum h Grp Ansvar: 6 Teknisk	55 912 279	56 661 000	748 721	1	

Merknadar til tabellen:

1. Tala er høgare enn reelt forbruk fordi mange av utgiftene både til byggforvalting, reinhald og veg og park blir fordelt internt på rett teneste i samband med rekneskapsavslutting og kjem fram 'dobbelt opp' både under 11 og 16
2. Avviket skuldast hovudsakleg refusjon til Hallingdal Brann og redning, som dels er ført på 13 og dels på 14.
3. Sjå merknad 1. I tillegg er mva ført her.
4. Refusjon av sjukeløn og fødselsperm.



ÅL KOMMUNE

5. Sjå fotnote 1. Det reelle avviket frå budsjett skuldast hovudsakleg at husleigeinntekter på kommunale utleiegebustader er om lag 1,5 mill. kr over budsjett og at aktiviteten på plansaker, byggessaker og oppmålingssaker har vore høgare enn budsjettet.
6. Mva-refusjon og sjukelønsrefusjon pluss inntekt frå sal av tenester til nabokommunar og tilskot frå staten til veterinæravtordninga.

REKNESKAP OG BUDSJETT FORDELT PÅ ANSVAR

Ansvaret	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Forbruk i %	Avvik i NOK	Note
ALLE	55 837 641	56 661 000	98,55	823 359	
6000 Drift og utvikling	5 499 853	5 489 000	100,20	-10 853	
6000 Drift og utvikling, utg	6 694 268	5 550 000	120,62	-1 144 268	1
6000 Drift og utvikling, innt	-1 194 415	-61 000	1 958,06	1 133 415	2
6010 Veg og park	11 018 327	9 863 000	111,71	-1 155 327	
6010 Veg og park, utg	15 474 396	9 914 000	156,09	-5 560 396	3
6010 Veg og park, innt	-4 456 069	-51 000	8 737,39	4 405 069	4
6020 Utvikling	10 886 428	14 117 000	77,12	3 230 572	
6020 Utvikling, utg	22 494 866	19 947 000	112,77	-2 547 866	5
6020 Utvikling, innt	-11 608 438	-5 830 000	199,12	5 778 438	5
6030 Reinhald	13 436 010	13 681 000	98,21	244 990	
6030 Reinhald, utg	14 637 943	13 681 000	106,99	-956 943	
6030 Reinhald, innt	-1 201 933	0	0,00	1 201 933	
6040 Byggforvaltning	13 371 070	11 411 000	117,18	-1 960 070	
6040 Byggforvaltning, utg	30 614 597	17 553 000	174,41	-13 061 597	6
6040 Byggforvaltning, innt	-17 243 527	-6 142 000	280,75	11 101 527	6
6050 Vedlikehald kommunale bygg	1 625 954	2 100 000	77,43	474 046	
6050 Vedlikehald kommunale bygg, utg	1 789 847	2 100 000	85,23	310 153	6
6050 Vedlikehald kommunale bygg, innt	-163 893	0	0,00	163 893	6

Merknadar til tabellen:

1. Utgifter til feiring er medrekna her
2. Betaling for feietenester er medrekna her
3. 1,9 mill kr utgjer intern fordeling på korrekt teneste og blir synleg 'dobbelt opp' fordi utgiftene blir fordelt på andre tenester og kjem att som inntekt. Det reelle overforbruket på veg og park utgjorde 1,2 mill. kr i 2018 og skuldast generell kostnadsauke utan kompensasjon, mykje ekstra utgifter med reparasjon av maskiner og mange kostbare utskiftingar av stikkrenner.
4. Sjå over. I tillegg mva kompensasjon
5. Høgare aktivitet både på utgift- og inntektssida.
6. 5,8 mill kr utgjer intern fordeling på korrekt teneste og blir synleg 'dobbelt opp' fordi utgiftene blir fordelt på andre tenester og kjem att som inntekt. Det reelle overforbruket er på om lag 1,4 mill. kr og skuldast generell kostnadsauke, dyre straumutgifter grunna kald vinter, mange kostbare og naudsynte reparasjonar på bygg pga. alder og slitasje.



ÅL KOMMUNE

PRODUKSJON OG KVALITET I HØVE TIL MÅL, KRAV OG FORVENTINGAR

Sjukefråværet har vore uheldig høgt med langtidssjukemeldte i alle avdelingar. Kvalitetsmåla for tenestene er oppfylte med unnatak av mål for energibruk.

Energiforbruket gjekk opp i 2018 grunna lang og kald vinter.

I desember oppsto det vasslekkasje på hovudvassleidningen som forsyner helsetunområdet. Det var risiko for brot i vassforsyninga og mykje ekstra arbeid for å sikre reservevassforsyning fram til feilen kunne rettast.

SÆRSKILDE HENDINGAR I 2018

- Innføring av kommune 3.0 har starta
- Kartlegging av rasutsette område og utbetring av mange stikkrenner for å tolle flaum
- Strekningar på Liagardsvegen, Votndalsvegen og Vestlivegen er oppgraderte
- 2 nye medarbeiderar i Veg og park og ein ny i Utvikling
- Ny og betre trafikkløysing på Torget med ny innkøyring til P-plassane og fortauet klart avskilt frå P-areal
- Utbygging av kulturhuset er godt i gang
- Pelletsanlegget i skuleområdet er utbetra og sett i drift
- Utbygging av kommunal kloakk i Leveld pågår, og vedtak er gjort om bygging av kommunal kloakkledning frå Leveld til Sundre
- Effektivisering i reinhald er gjennomført med reduksjon på 1,5 årsverk

PLANAR OG SÆRSKILDE UTFORDRINGAR I 2019 OG TIDA VIDARE


- Halde fram med å styrke samarbeidet med frivillige og næringslivet for å utvikle Ål til ein endå betre kommune å bu i (bulystteam og kommune 3.0 metodar).
- Gjennomføre utbygging av Ål kulturhus og samstundes kunne utføre eit forsvarleg vedlikehald og renovering av kommunale vegar, bruver og bygg for å ta att etterslepet som har bygt seg opp over mange år.
- Gjennomføre utbygging av kommunal kloakk for Leveldåsen, Leveld og Votndalen innanfor vedtekne budsjett og tidsrammer.
- Revidere kommuneplanen og få engasjement og eigarskap og ein god prosess politisk og i lokalsamfunnet.



ÅL KOMMUNE

Nøkkeltal	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Abonnementar vassverk	1357	1344	1341	1327	1325	1298	1243	1231	1206
Abonnementar kloakk	1891	1858	1844	1805	1774	1713	1665	1627	1581
Abonnementar renovasjon	5448	5439	5361	5250	5016	4996	4908	4854	4692
Abonennttar slamtøming	1875	1852	1805	1788	1771	1687	1591	1478	1418
Nye fritidsbustader	51	49	46	41	28	35	27		
Tal nye einingar leileighetsbygg	16	0	0	16	4	0	7	27	3
Tal nye bustader	4	8	5	8	9	16	18	27	3
Km merka stig	400	400	294	278	278	260	260	255	178
Km oppkøyrd skiløyper	430	430	436	440	440	440	410	400	400
Daa nydyrka	7	53	184	110	215	133	160	70	178
Sakshandsamingstid plansak		186	-	-	-	150	245	-	314
Sakshandamingstid byggesak	15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	15-20	30	20
Sjølvkost % plan	66	56	60	76	(42) ¹	85	86	63	20
Sjølvkost% byggesak	83	97	65	77	75	75	66	62	87
Sjølvkost % oppmåling	84	76	68	83	62	79	74	63	44
Km kommunale vegar	106	105	105	105	105	104	103,5	100	100

1) Aktiviteten var så låg at talet ikke er representativt.





ÅL KOMMUNE

Hallingdal barnevernteneste

Lova si målsetting for barnevernet:

«Barnevernets hovedoppgave er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstjenesten skal også bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår.»

HALLINGDAL BARNEVERNTENESTE

Hallingdal barnevernteneste er eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28 b, og Ål kommune er vertskommune. Tenesta har 30 tilsette fordelt på 25,8 årsverk. Tre stillingar er finansiert med øyremerkte midlar frå Fylkesmannen.

Tenesta er lokalisert i «Familiens hus» på Sundre. Det er meldt om behov for å utvida areala, då talet på tilsette har auka sidan etableringa i 2011. Barnevernreformen som innførast fram mot 2022 vil utløse behov for ytterlegare areal.

Det er andre som sender bekymringsmelding kring enkeltbarn til barnevernet. Dette gjer at det er lite høve til å styre arbeidsmengde, tal på saker, kompleksitet i sakene og kostnader det vil medføre, i forkant. Barnevernet sitt lovverk set store krav til saksbehandling og fristar, og tenesta blir vurdert ut frå tal på avvik. Det er etablert gode rutinar for internkontroll som vert gjennomført fire gonger pr.år.

ØKONOMI

Administrasjon og fellesutgifter vert fordelt etter fordelingsnøkkelen mellom kommunane.

Utgifter knytt til konkrete barn og familiær vert kostnadsført på den kommunen der barnet høyrer heime.

Hallingdal barnevernteneste har brukt 3,8 % mindre enn budsjett i 2018.


Dette utgjer eit mindreforbruk på ca. kr. 2.100.000

Det vil vera kommunevise forskjellar frå år til år. For Ål kommune viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr 3,3 mill mindre enn budsjettet. Dette handlar om kostnadskrevjande enkeltsaker som har endra status gjennom året.

PERSONAL:

Det har gjennom fleire år vore høgt sjukefråvær i barnevernet, noko som også gjeld på landsbasis. 2018 har vore eit krevjande år på personalsida, med sjukefråvær, turnover, fleire i utdanning og vakansar. Oversikt over sjukefråværet dei siste åra viser ein liten nedgang også for 2018:

2015: 20,3 %
2016: 11,4 %
2017: 10,7 %
2018: 10,4 %



ÅL KOMMUNE

BARNEVERNREFORMEN:

Det vil skje store endringar på barnevernsfeltet i åra framover. Det er varsla at Barnevernsreformen vil tre i kraft i 2022. Målet med barnevernsreformen er at vi skal:

- førebygge meir
- styrking av barnet sin rett og at barnet sine behov skal vera i fokus
- bruke familie og nettverk meir
- styrke kompetansen i barnevernet
- auke samarbeidet mellom tenestene i kommunane
- kommunane får meir ansvar og større valfrihet.

Det går mot at kommunane vil få meir ansvar for barnevernet. Statleg ansvar og oppgåver vil overførast kommunane, både når det gjeld ansvar, oppgåver og økonomi.

Det inneber og eit stort kompetanseløft i barnevernet, som ein må ta høgde for i vidare drift.

MÅLOPPNÅING:

Hallingdal barneverneneste har ikkje hatt så høg måloppnåing i 2018 som ein hadde ønskt, ut frå dei målsettingane som vart sett i 2017. For meir utdjuping av dette, sjå eiga årsmelding for Hallingdal barneverneneste.

MÅLSETTINGAR 2019:


- Barnet i fokus
- Fokus på barnevernreformen og ruste tenesta til å møte krava som kjem
- Auke antal stillingar
- Sjå på organiseringa av tenesta, spesielt med tanke på leiarnivå og teamdeling
- Fokus på styrking av leiargruppa - oppfølging og ivaretaking av tilsette og fokus på utviklingsarbeid og leiing
- Fokus på ivaretaking av tilsette for å førebygge sjukefråvær og turnover
- Lage ein plan for kompetanseheving i tenesta, i tråd med statlege føringer
- Fokus på god økonomistyring – i alle ledd
- Fokus på lovkrav, unngå fristoverskriddingar og andre avvik – oppfølging av internkontroll
- Avklare ansvarsforhold og økonomi ved sektorovergripande tiltak
- Fullføre sakshandsamingsløftet
- Auka bruk av familieråd og nettverksarbeid
- Ei vidareføring av verdiprosessen – fokus på våre verdiar

Det er kommunane som skal drive førebyggande barnevern, ikkje berre barnevernet sjølv.

Den beste måten å førebygge aukande kostnadane i barnevernet på, er å styrke det kommunale tenesteapparatet slik at dei har ressursar og kompetanse til å hjelpe barn og familiarar som treng det så tidleg som mogeleg, og på eit så lågt nivå som mogeleg.

Det er, ikkje minst, det beste for barna og familiene det gjeld.

«EIN GOD OPPVEKST VARAR I GENERASJONAR»



ÅL KOMMUNE

LOKALSAMFUNN

Kulturkommunen Ål


Arbeidsåret 2018 har vore eit travelt år for alle. Planlegging og utbygging av det nye Ål kulturhus har vore i godt driv gjennom året. Kulturskulen, biblioteket, vaksenopplæringa og Frivilligsentralen skal samlokaliseraast på nye Ål kulturhus. *Den største utfordringa i kommande økonomiplanperiode blir å bygge og drifta eit godt og funksjonelt tilbygg til Ål kulturhus innanfor ei stram økonomisk ramme.*

Me jobbar tett saman og har fokus på styrka samhandling og vertsskap, på tvers av avdelingane. Den kjekkaste nyskaping i år var sommarfesten for kulturskulen, i samarbeid med vaksenopplæringa; ein real feelgood kveld for nye og gamle kulturhusgangarar! Denne suksessen vart vidareført med FN-dagen i oktober; alle avdelingar som skal leva i lag på nye Ål kulturhus var engasjert! Takka vere stor innsats vart dette ein dag til glede for bygdefolket vårt.

Desse opplevingane gav oss ein god peikepinn på kva me har i vente når huset er ferdigstilt og i full drift!

Ål kommune er attende på pallplass på Kulturindeksen for 2018!
Dette er ei fantastisk plassering og Ål kommune vert vurdert som ein tydeleg og markant kulturkommune i Buskerud og nasjonalt. Denne posisjonen krev at me brukar tid på å møte sentrale aktørar i den pågåande regionsreformen og nye Viken.

Nytt av i år er at Kulturindeksen måler kor fornøgde innbyggjarane våre er med ulike kulturtild. Scoren går frå -3 til 3 og me ser at Ål scorar godt:



Rekneskap mot budsjett for 2018 (tal i heile 1000)



ÅL KOMMUNE


ANSVAR 5000 KULTUR	Regnskap 2017	Regnskap 2018	Buds(end) 2018	Avvik(per.) 0	Avvik i %(per.) 0
LØN INKL SOSIALE UTGIFTER	8 021 458	8 782 173	8 615 000	-167 173	-2
KJØP AV VARER OG TJEN SOM INNGÅR	5 323 533	4 914 495	2 786 000	-2 128 495	-43
KJØP AV VARE OG TJENESTER SOM ERSTATTER	0	0	24 000	24 000	0
OVERFØRINGER	4 619 367	2 306 599	2 092 000	-214 599	-9
FINANSUTG	29 304	595 300	596 000	700	0
SUM UTGIFTER	17 993 662	16 598 567	14 113 000	-2 485 567	-15
LØN INKL SOSIALE UTGIFTER	-224 966	-125 014	0	125 014	-100
SALGSINNT	-4 602 559	-4 325 350	-2 989 000	1 336 350	-31
REFUSJONER	-2 949 234	-811 355	-598 000	213 355	-26
OVERFØRINGER	-1 189	-1 189	0	1 189	-100
FINANSINNT	0	-29 011	0	29 011	-100
SUM INNTEKTER	-7 777 948	-5 291 918	-3 587 000	1 704 918	-32
SUM ANSVAR 5000 KULTUR ¹⁾	10 215 714	11 306 648	10 526 000	-780 648	-7

1. Eit overforbruk på 780 000 kr skuldast for stramme driftsbudsjett på Ål kulturhus. Det er ikkje samsvar mellom budsjettet og samfunnssoppdraget huset har. Ål kulturhus har ein detaljert årsmelding 2018 for dei som ynskjer å lesa.

I samband med Sparekatalog for 2018 henta sektoren inn reduksjonane gjennom ei mellombels nedskjering på 5 % av driftsbudsjettet, ved å ikkje tilsetja vikar i vakante stillingar. Denne reduksjonen har ført til auka belastning på tilsette og reduserte tilbod i tenesta; meir sommarstengt bibliotek og færre initiativ frå kulturkontoret til å løyse nye oppgåver. For 2019 vert desse lønnsutgiftene teke inn igjen i budsjettet, men med ei mindre omprioritering av lønnsmidlane.

KULTURKONTORET

- Arbeidet med saka om utbygging av kulturhuset har vore sentralt i 2018. Svært mykje tid går med til å skape innhald og samhandling mellom nye avdelingar.
- Alle avdelingane deltok på studietur til Drammen på Globusfestival i september. Der var me for å erfare og lære meir om tverrkulturell inkludering og publikumsutvikling.
- Oppstart med arbeidsgruppe for å rullere Kulturplan for Ål. Målet er politisk handsaming i løpet av våren 2019.
Ein nedgang i deltaking på kulturvandringa. Me har ikkje hatt kapasitet til å dra i gang eit breiare arbeid med kulturvandringa og slår fast at me opplever ein stadig nedgang i besøkstalet. Likevel- me vidarefører tiltaket, med ny optimisme knytt til nye lokale på kulturhuset.
- Thor Warberg fekk Kulturprisen i 2018.



ÅL KOMMUNE


- Ungdomsstipend: Cecilie Skrindo, for sitt talentfulle hardingfelespel og Hilde Sato for framifrå stå-på-vilje og resultat i alpinbakkan.
- Me valde å heidre talentfulle, unge Ålingar som henta OL-/VM-medaljer heim til Ål og Torpo; Selma Øen Li, Sondre Evjen og Øystein Bråten.
- Avklart kommunalt eigarskap til loftet «Kastebue» og politikarane har løyvd pengar til restaurering i 2019.
- Målbruksplan for Ål vart politisk handsama gjennom ei «avklaringssak» hausten 2018. Målet var å sondere politiske ambisjonar for målforma i Ål kommune. Kommunestyret bad administrasjonen om å rullere målbruksplanen for Ål i 2019.
- Mange møte med fylkeskommunen og med SPRANG, på nasjonalt nivå. Bidrag med høyringsuttaler til BFK sin kulturstrategi; dette for å sikre SPRANG sin posisjon i framtida.

Bilete 1-2



Arrangement og idrett i Ål:

- Arbeidet i Ål idrettsråd er veldig bra. God kontakt med klubbar og lag. Også kontakt med skytterlaga.
- Spelemidlar: Liatoppen Skisenter fekk kommunalt tilskot og forskotering til nye elektroniske skiver.
- Idretten, skytterlag og leirdueskyting er framleis opptatt av drift/vedlikehald av anlegg. Det er også i 2018 sendt søknad til Ål Kommune ved budsjetthandsaming for 2019.
- Fordeling av årlege kultertilskot frå Ål Kommune fordelt etter nøkkel vedteke av idretten.
- Idrettsrådet arbeider etter eigen handlingsplan vedteke av idretten, på eige årsmøte.
- Idrettskoordinator er i kontinuerlig kontakt med klubbar og lag, når det gjeld søknader, kurs osv.




ÅL KOMMUNE

- Idrettskoordinator har god kontakt med Buskerud Idrettskrets. Kretsen brukar koordinatoren i kopling til Hallingdal.
- Det er utarbeidd ein idrettsplan for regionen igangsett av regionrådet.
- Arrangementskoordinatoren gir er direkte hjelp til arrangørene, der det er behov.
- Det vert arbeidd kontinuerlig med nye arrangement til Ål.
- Det hat i 2018 vore **16 store** arrangement i Ål. Desse held høg kvalitet og har stort nedslagsfelt. Gjennomføringa krev stor bruk av frivillige.
- Ei undersøking blant arrangørene om verdien av arrangementa viser en omsetning på 37 mill. kr.

ÅL KULTURHUS

Kulturhuset har heldt same intensitet på aktivitet som tidlegare år, og har i år utvida kinodrifta på laurdagar. Utover vanleg drift av huset, har prosjektet Landsdelsscene for dans og utbygging og ombygging av Ål kulturhus vore det viktigaste arbeidet i 2018.

- Sprang, Landsdelsscene for dans.
Byggjestart våren 2018. Stendig arbeid med innhald, ekstern finansiering og eigarskap i bransjen. Første fagseminar vart gjennomført i samarbeid med Martin Myhr si Storhelg i Hallingdal.
- Nytt ungdomsrom, HallUng
I februar 2018 var det offisiell opning av det nye ungdomsrommet på Ål kulturhus. I samråd med Ål ungdomsråd vart det bestemt å nytte eksisterande Trugeholu som lokale, og ungdommane valte sjølv namn på rommet gjennom namnekonkurranse. Valet falt på HallUng. BFK støtta opninga med midlar gjennom ei ny satsing på ungdom og kultur, Bizzy. Omlag 70 ungdommar deltok på opninga der det var konsert, leiker, konkurransar, mat og drikke.
- Fredagskino for ungdom (Bizzy)
Gjennom Bizzy-satsinga til BFK vart det bestemt å gi ungdommar rabatterte priser på billettar kvar fredag året igjennom. Ungdommane betaler kr 50,- mens BFK dekker mellomlegget for Ål kulturhus. Resultatet vart 374 billettar til Bizzy-pris.
- Nok eit godt kinoår
Sjølv om det var eit lite stykke unna dei ekstremt gode besøkstala som Ål kino hadde i 2016, var kinoåret 2018 på Ål kulturhus betre enn fjaråret med over 20.000 besøkjande. «Den store kinodagen» er framleis ein stor suksess, og i 2018 enda samla besøk på 864 selde billettar. 12 filmtitlar vart vist, og det var aktivitetar spesielt mynta på barn og unge over fleire timer i foaje-områda. Dei tilsette stiller denne dagen i kostymer og legg til rette for at alle besøkjande skal ha ein litt annleis og veldig morosam dag på kino.
- Kioskdrift
Kioskdrifta held seg stabil på Ål kulturhus, men med noko lågare omsetning enn i 2017. Omsetning i 2018 vart på kr 771.000,- (2017: kr 812.000, 2016: kr 816.000,-). Kiosken har eit moderat tal på varer, og tilbyr framleis nokre sunnare alternativ.
- Leikskeid



ÅL KOMMUNE


Det var lenge uvisst om Leikskeid kunne bli gjennomført som planlagt. Vêrvarsel og samtalar med Meteorologisk institutt gav eit klart signal om sterk vind med kast opp mot 20 m/sek og regn. Krisemøte vart haldne i dagane før konserten, men ein landa på å prøve å gjennomføre. 285 besøkjande trassa vær og vind, medan måltalet var 550. Sjølv om det var lågare omsetning og færre besøkjande enn me ynskte, vart det likevel ei verdig 10-års feiring av konsert-konseptet, og The Savage Rose, Lene Storhaug med band og Baljelauget skapte magi frå scena for det entusiastiske publikummet som hadde møtt fram.

- FN-dagen 24. oktober

Av nye tiltak på arrangementsfronten bør nemnast FN-feiringa 24. oktober 2018. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom kulturhuset, biblioteket, frivilligsentralen, kulturskulen og vaksenopplæringa. Arrangementet strekte seg frå kl 10.00-21.00 og kom i stand som eit spleislag mellom avdelingane. Budsjettet var svært lågt og arrangementa var i stor grad basert på frivillig innsats. Heile 629 besøkjande deltok på denne feiringa, fordelt over ei rekke gratis arrangement mynta på dei fleste målgrupper.

Bilete 3-5





ÅL KOMMUNE

ÅL BIBLIOTEK

Personalsituasjonen har vore krevjande i 2018. Biblioteket miste i februar ein god medarbeidar i sjukdom. Det er ikkje tilsett nokon ny i denne 75 % stillinga, men om lag 30 % er dekt inn vel ei mellombels tilsetjing og pensjonistvikar.

- Planlegging av nytt bibliotek har vore sentralt dette året. Ein stor ryddejobb er gjort i samlingane, og over 5300 bøker og andre medium er kasserte.
- Utlånet ved Ål bibliotek heldt seg i 2018 på same nivå som i 2017, medan besøket gjekk ned med 13 %.
- Biblioteket hadde 6,0 utlån i året pr. innbyggjar i 2018 og ligg dermed langt over landsgjennomsnittet på 4,0 utlån pr. innbyggjar.
- På grunn av byggesituasjonen på kulturhuset denne hausten vart ikkje Bokmessa arrangert i 2018. Biblioteket har likevel hatt 12 arrangement for både vaksne og barn gjennom året, med til saman 513 deltakarar. Alle arrangementa i biblioteket har hatt gratis inngang.
- Samarbeidsavtala med Høgskolen i Sørøst-Norge (HSN) om foredragshaldarar og med *Interkultur* i Drammen om prosjektet *Det utvidede Europa* (DUE) heldt fram i 2018. Ål bibliotek har også hatt ei sentral rolle i Hallingdalsbiblioteka sitt samarbeidsprosjekt «Vinterles», ein leseaksjon for vaksne.


Norsk kulturindeks 2018 rangerer Ål kommune som nr. 8 av 422 kommunar i landet på feltet bibliotek. Det som blir målt er utlån, besøk, tal på aktive lånarar og på deltakarar på arrangement i biblioteket.

ÅL BYGDEARKIV

Friviljuge stiller framleis opp som arbeidshjelp og rettleiarar for publikum torsdagane. Dei held også bygdearkivet ope laurdagar. Bygdearkivet får kvar veke ulike førespurnader frå publikum, også frå personar langt utanom Ål. Ifrå utanbygds er det førespurnader om slekt og særleg biletar av spesifikke personar eller gardar. Arkivet får elles besøk av folk som ser etter arkivstoff til ulike formål.

Bygdearkivet fekk i 2018 vel eit hundreals ulike førespurnader.

- Det er helde 15 møter av ulike lag og slag i arkivet, mellom desse ei gruppe for slektsforsking som Jens Romslo har ansvaret for.
- Ingunn Stræte har tilgang til kontorplass på bygdearkivet i høve arbeidet med doktorgradsavhandling for lett tilgang til relevante kjelder.
- Bygdearkivet publiserte intervju-delen av lydsamlinga som har lege på vent sidan den vart digitalisert, på <https://intervjusamlinga.locloudhosting.net/>. Det er mykje det friviljuge arbeidet til Olav Sataslåtten d.y. som gjorde dette mogeleg.
- Bygdearkivet har motteke tilskot frå Buskerud Fylkeskommune til innkjøp av ein ny skanner.
- Bygdearkivet mottok 30.000 kr. i kommunalt tilskot frå kulturbudsjettet i 2018. Dagleg leiar vert lønna av kommunen.



ÅL KOMMUNE


UTFORDRINGAR I 2019

- ✓ Ferdigstille utbygging av Ål kulturhus og trinnvis innflytting
- ✓ Vidareføre og styrke samhandling og vertsskap på tvers av avdelingane på huset.
- ✓ Arrangere FN-dag i oktober.
- ✓ Utvikling av innhaldet i Landsdelsscene for dans; jobbe med ekstern finansiering av stilling som prosjektleiar.
- ✓ Ungdomsrommet HallUng vart opna i 2018. Det er enno uklart kva me vil trenge for at denne hengestaden for ungdom skal fungere. Mangelfunn deltaking på flotte tilstellingar i regi av Ungdomsfrivilligsentralen.
- ✓ Kafédrift på huset; prøve ut om det er mogeleg å utvide drifta på Kafe Tid og med dette få til ei lita drift på kulturhuset.
- ✓ Ferdigstilling og politisk handsaming av Kulturplan 2019-2025. Vedta og setja i verk nye tiltak.
- ✓ Gjennomføre tiltak for å styrke nynorsk blant tilsette i Ål kommune.
- ✓ Restaurere loftet «Kastebue»
- ✓ Grunna alderspensjon - tilsetting av ny idretts- og arrangementskoordinator. Oppretthalde god dialog med det frivillige kultur- og idrettsliv.
- ✓ Kulturvandringa i Ål sentrum; revitalisere tiltaket. Kva kan me gjera for å auke deltaking?



Bilete:

1. Prisvinnarane 2018 Foto: privat/ Foto av C. Skrindo: Thomas Wastling
2. Talentfulle idrettsungdom frå Ål; Frå venstre Sondre Evjen, Selma Øen Li og Øystein Bråten
3. Nesch-portalen vart flytta; 20 tonn kunstverk og dyktige lokale entreprenørar. Foto: H L Bjørnsvik
4. Byggebilete av kulturhuset- stilas. Foto A B Skoglund
5. FN-dag – kaffi og sofaprat. Foto: H L Bjørnsvik
6. Studietur til Drammen; folket på nye Ål kulturhus er i ferd med å bli ein godt samanspleisa gjeng. Foto: H L Bjørnsvik



ÅL KOMMUNE

Folkehelse

Folkehelsearbeid handlar om innsats i alle sektorar på alle nivå. Den årlege folkehelseprofilen frå folkehelseinstituttet gir eit bilet av kommunens helsetilstand, og synte også for 2018 at Ål kommune ligg godt an samanlikna med landet elles.

Folkehelserelaterte innsatsar i 2018 har mellom anna vore:

Handlingsplan for folkehelse 2019-2021.

Folkehelsegruppa i Hallingdal har i samarbeid med regionrådet, oppvekstleiarforum, helseleiarforum, kommuneoverlegeforum og miljøretta helsevern utarbeidd *Handlingsplan for folkehelse 2019-2021*. Gjennom ein slik felles plan er målet å samordne innsatsområda og tiltak som skal bidra til å fremje helsetilstanden i befolkninga i Hallingdal. *Handlingsplan for folkehelse 2019-2021* er tufta på *Strategisk plan for Hallingdal* som har fokus på livskvalitet.

Re-godkjenning som Trafikksikker kommune

Ål kommune blei re-godkjent som trafikksikker kommune i november 2018. Det er Trygg trafikk saman med Buskerud fylkeskommune som står for ordninga. Godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik. Særleg er det godt og systematisk arbeid i skule og barnehage.

Ål52- 10 turfavorittar

Vandreprogrammet Ål52 og «10 turfavorittar» held stand som samarbeidsprosjekt mellom Ål kommune, Ål Utvikling og Ål IL O-gruppa. I alt var det 7.381 som skreiv seg inn i turbøkene, og 221 som leverte klyppekort 2018. Alle tilsette i kommunen fekk turkortet som gav i 2018.

Tilta for barn og unge

Det vert jobba systematisk med førebygging av utanforskap og mobbing i skule og barnehage.

Særskilde tiltak for barn og unge i 2018 har elles vore:


- Etablering av ungdomsfrivilligentralen, HallUng.
- Tilskot frå Sparebankstiftelsen Dnb og GjensidigeStiftelsen til innkjøp og igangsetting av arbeid med utlånssentral for utstyr, BUA.
- *Aktiv ung* i regi av Frisklivssentralen har med tilskotsmidlar frå Barne – ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) hatt aktivitet gjennom skulåret, i tillegg til ei veke i sommarferien.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen er ein viktig aktør i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet.

Hovudmålgruppa til friskliv er personar i risiko for, eller som har utvikla sjukdom og treng støtte og rettleiing til å endre levevaner og mestre helseutfordringar. I tillegg til faste økter med fysisk aktivitet er det gjennomført kurs i kosthald (Bra mat), og rettleiing i røyke/snusslutt.

Det er tett samarbeid mellom Frisklivssentralane i Hallingdal, som årleg arrangerer eit frisklivsløp. I 2018 var det Torpo IL og Ål Frisklivssentral som var vertskap for denne med «Tingvollmarsjen» der 55 deltok.



ÅL KOMMUNE

Næringsutvikling

Strategisk næringsplan

Ål kommune har ein strategisk næringsplan som styringsverktøy for ein heilskapleg næringspolitikk. I gjeldande plan definerer Ål kommune rolla si til å vere ein tilretteleggar, samarbeidspartnar og støttespelar. Ål kommune legg vekt på at næringslivet i Ål bidreg til å skape både nye, eksisterande og trygge arbeidsplassar, nyttar ny teknologi, nyttar forsking, utvikling og kompetanse. I tillegg er aktørar i næringslivet næringssamarbeid lokalt og regionalt, bidreg positivt til profil og omdømmebygging og satsar på lokalproduksjon. Planen peikar ut fire næringar som er spesielt viktige for kommunen: kultur og kreative næringar, reiseliv og fritidsbustader, helse og omsorg og landbruk.

Næringsareal

Det har over lengre tid vore ei utfordring for Ål kommune å kunne tilby næringsareal i samsvar med etterspørsel frå bedrifter som skal utvide eller nyetablere seg. Næringsareal var difor eit viktig tema i arbeidet med ny kommunedelplan for Sundre. Det er framleis ei utfordring at attraktivt regulert areal ikkje er opparbeidd og tilgjengeleg på den opne marknaden. Det vart i 2017 sett i gang arbeid for å kunne løyse opp i denne problemstillinga i samsvar med kapittelet om næringsareal i strategisk næringsplan. Dette arbeidet er framleis aktuelt.

Utviklingsprosjekt

- **«Høge Sprang»:** Ål kommune har hatt gåande eit prosjekt innan kreative næringar som har hatt som mål å styrke og utvikle kreative næringar i Hallingdal og skape grunnlag for verdiskaping og vekst. “Høge sprang” skal utvikle Hallingdal som arena for næring, kultur og opplevelingar. Prosjektet har fått finansiering frå både kommunen, fylkeskommunen og staten. Prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2018.
- **«Tråkk'n Roll»:** Det er sett i gang ei storstilt satsing på terrengsykling i Hallingdal gjennom prosjektet «Tråkk'n Roll». Ål ser eit stort potensial i denne satsinga då utvikling av terrengsykkelproduktet vil vere eit viktig bidrag til sommarreiselivet og eit viktig trivselsprodukt for bulyst. Prosjektet har utløyst betydelege summar i regional og statleg finansiering. For å henge på denne utviklinga lokalt, vart det oppretta eit «Tråkk'n Roll Ål» i regi av Ål Utvikling. Ål kommune deltek aktivt i dette arbeidet.
- **«Ny giv i landbruket»:** Dette er eit samarbeidsprogram mellom landbruksorganisasjonane og Ål kommune som har som mål å auke matproduksjonen i kommunen med 1 % i året fram til 2030.
- **Regionalt samarbeid:** Næringsutviklaren har hatt stort fokus på regionalt næringssamarbeid i 2018.

Næringsfondet

Ål kommune har i 2018 brukt ca. 2 millionar kroner frå Næringsfondet til støtte til næringsaktørar innan mange ulike næringar, både til nyetablerarar og eksisterande bedrifter og til fleire utviklingsprosjekt.



ÅL KOMMUNE

Folketal og bulyst

Folketalet gjekk opp med 45 fra 2018 til 2019 (frå 4719 pr. 1. januar til 4626 pr. 31. desember). Fødseloverskotet er framleis negativt, men netto innflytting var positiv. Det er grunn til å uroe seg over at fødselstalet går ned – i 2018 vart det berre født 18 ungar i Ål.

Salet av tomter i det sentrumsnære Kolbotnfeltet har gått unna. Sidan feltet var ferdig i 2014 har det vorte selt 17 tomter (av desse i 2018), medan 15 er ledige. På Torpo er det ikkje selt nokon kommunal tomt i 2018, og 17 tomter er ledige. Det same gjeld Gunnarhaugen i Leveld der det no er 14 ledige tomter. I Vats bustadfelt vart det selt ei tomt i 2013, ei i 2014 og ei i 2016 og ei i 2018, slik at det no berre er at ei tomt. I Votndalen bustadtomt har me ikkje selt tomter dei siste åra, og fire er ledige.

I det private Haugen bustadfelt er det ikkje bygd nye hus i 2018.

16 av 19 nye leilegheiter under oppføring i privat regi i sentrum, er selde før bygget er ferdig. Detaljregulering for Hago bustadfelt er godkjent i 2018 og utbygginga har starta opp.

For å sikre tilgangen på bustadhushus vert det følgt opp at bustadhushus framleis vert brukt som heilårsbustad i samband med eigedomsoverdraging.





ÅL KOMMUNE

ØKONOMI

Resultat og avvik

Ål kommune har hatt store investeringar dei siste åra. Investeringar i nye bygg og pålegg om nye tenester, fører til auka driftsutgifter. Kraftinntektene gjekk kraftig ned ein perioden, men er på veg opp att. Dette gjer at kommunen kan betene renter og avdrag med hjelp av kraftutbytte.

Det vart vedteke nye lån på anleggsmiddel i 2018 på 14,6 mill. kr. Betalte avdrag på gjelda utgjer kr 15,4 mill. kr og kommunen vurderer fortlauande ekstraordinær nedbetaling på dei dyraste låna. Likviditeten er tilstrekkeleg til dei laupande forpliktingane.

Langsiktig og bokført renteberande gjeld har i laupet av rekneskapsåret gått ned frå kr til kr. 337.994.492 til kr. 337.365.412. Dette er ein reduksjon på kr. 629.080.

Kommunen innførte eigedomsskatt i 2017. I 2018 fekk kommunen kr. 35,8 mill. i eigedomsskatteinntekter. kr. 23,7 mill. gjeld næring og kr. 12 mill. gjeld annan fast eigedom. Dette er kr. 2,1 mindre enn budsjettet.

Finansutgiftene i 2018 er kr. 2,3 mill. lågare enn i 2017. kr. Hovudårsaka til dette er avdrag på lån.

DRIFTSRESULTAT FOR ÅL KOMMUNE

Netto driftsresultat er eit mål på kva kommunen sit att med av dei årlege driftsinntektene etter at driftsutgifter og finansutgifter er betalt. Netto driftsresultat er difor sentralt i vurderinga av kommunen sin handlefridom og er ein primær indikator for økonomisk balanse.


Ål kommune hadde eit positivt netto driftsresultat i 2018 på 22,3 mill. mot 6,8 mill. i 2017.

Det er ein vesentleg auke og utgjer 3,7 % av samla driftsinntekter. Fylkesmannen anbefaler at netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 % av driftsinntektene, avhengig av nødvendige avsetningar og investeringar. Ein buffer er nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida.


Brutto driftsresultat syner inntekter ein sit att med etter at alle driftsutgifter, også avskrivinger (verdijustering for elde og slitasje), er dekka.

Resultatmål (tal i mill.kr)	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Brutto driftsresultat	6,4	-2,2	-6,6	11,1	-16,5	-15,1
Netto driftsresultat	19,4	9,2	4,6	18,8	6,8	22,3
Samla driftsinntekter	529,1	538,6	529,1	571	587,7	605,1
Samla driftsutgifter	522,5	540,8	535,6	559,9	604,3	620,2
Brutto resultatgrad (%)	1	-0,4	-1,2	1,9	-2,8	-2,4
Netto resultatgrad (%)	3,7	1,7	0,8	3,3	1,2	3,7
Meir (-) / mindreforbruk	6	0,4	9,4	11,4	12	26,5

*Resultatgrad måler resultat i prosent av samla driftsinntekter.



ÅL KOMMUNE




KOMMUNALE INVESTERINGAR


Kommunen har hatt eit svært høgt investeringsnivå dei siste åra. I 2018 blei det investerte kr 32,3 mill. Beløpet er inkluderte lån og forskotering.

Behovet for å finansiere investeringar og utbygging med låneopptak aukar i takt med investeringane. Dette inneber høgare finanskostnader (renter og avdrag). I 2018 vart det seglt tomter og andre driftsmidlar til ein verdi på kr. 4 266 260.


Arbeidet på prosjekt Ål kulturhus utbygging er gjennomført fortare enn planlagt i 2018. Dette utgjer kr. 12,3 mill. Tilsvarande reduksjon i kostnader og budsjett blir gjort i 2019. Prosjektet blir gjennomført innanfor vedteke budsjetttramma. Prosjekt IKT- utstyr oppvekst har et overforbruk i 2018 på kr. 780.000, større deler av innkjøpet ble gjort i 2018. Budsjetttramme for 2019 blir redusert med tilsvarande beløp.

Dispositionsfondet vart ytterlegare styrka med 12,1 mill. kr i 2018. Det er svær viktig for Ål kommune å bygge eit solid dispositionsfond.





ÅL KOMMUNE



Utvikling av inntekter og utgifter

AVVIK FRÅ BUDSJETTRAMMA

Kommunen vedtek budsjettet på nettoramme, det vil seie eit kronebeløp som kan nyttast utover det budsjettområdet sjølv tek inn i inntekter. Årleg budsjettramme er avhengig av kva ein ventar av inntekter på avdelingsnivå (gebyr, brukarbetaling, refusjonar og tilskot) og på kommunenivå (skatt og rammetilskot).

Tabellen syner regulert nettobudsjett opp mot faktisk nettoforbruk på dei største budsjettområda.

Tal i 1000 kr

Budsjettområde	Rekneskap	Netto budsjettramme	Avvik	Kommentar
Administrasjon og fellestenester	41 294	44 111	2 817	Mindreforbruk
Oppvekst	111 290	108 359	-2 931	Meirforbruk
Helse og sosial	127 477	127 483	6	Mindreforbruk
Kultur	11 306	10 526	-780	Meirforbruk
Teknisk	55 897	56 661	764	Mindreforbruk
Finans (renter og avdrag)	22 041	24 737	2 696	Mindreforbruk

UTVIKLING I FRIE INNTEKTER

Ordinære skatteinntekter (personskatt) og rammetilskot utgjer dei frie inntektene. Beløpet kjem som overføring frå staten og er utrekna på bakgrunn av skatteinntektene i kommunen og særskilde utgiftskriterier.



ÅL KOMMUNE

Skatteinngangen i 2018 utgjer kr. 141,6 mill. og det er kr. 10,5 mill. meir enn budsjettert. Netto samla inntekt skatt og rammetilskot er på kr. 2,9 mill. meir enn budsjettert. Netto auke i 2017 var på kr. 5,4 mill. Kommunen har likevel ei stabil og god utvikling av dei frie inntektene. Dette gir handlefridom og gjer heilskapen i planlegginga betre.

Frie inntekter	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Skatteinntekter	112 283	112 935	119 963	129 347	138 427	141 581
Rammetilskot	134 134	143 128	139 624	144 947	145 574	145 033
Sum	246 417	256 063	259 587	274 294	284 001	286 614
Frie inntekter i % av driftsinntekter	46,60 %	47,70 %	49,10 %	48,00 %	48,32 %	48,32 %
Skatteinntekter pr innb.	23 638	23 841	25 432	27 410	29 334	30 311
Frie inntekter pr innb.	52 285	53 806	55 102	58 125	61 398	61 360

UTVIKLING I BRUTTOUTGIFTER

Sjølv om budsjett og rekneskap har eit fokus på nettoramme og nettoforbruk, er det viktig at me også følgjer utviklinga på dei samla bruttoutgiftene og -inntektene. Medan netto ramme seier noko om budsjettområdet sin del av kommunen sine frie inntekter, seier brutto utgifter noko om det totale pengeforbruket og størrelsen på aktiviteten.

Budsjettområde	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Admin/felles	78,3	81,5	92,7	92,8	98,1	104
Oppvekst	128,4	129,4	137,3	144,5	147,9	152,1
Helse og sosial	145,1	148,4	150,5	160,3	176,6	203,1
Kultur	14,5	16,2	15,0	15,5	17,9	16,5
Teknisk	105,9	107,6	108,5	113,6	101,4	113,2

Tabellen syner utvikling i bruttoutgifter på dei ulike budsjettområda før avsetninga. Flytting og endring av budsjetteiningar og struktur gjer at direkte samanlikning frå år til år ikkje alltid er relevant. (Tal i mill. kr).

Fond og gjeld

Netto lånegjeld er definert som langsiktig lånegjeld eksklusiv pensjonsforpliktelser fråtrekket utlån og ubrukte lånemidla.

Ein kommunes økonomiske handlefridom bør ikkje bedømmast berre ut frå nivået på lånegjelda. Netto driftsresultat og disposisjonsfond er også vesentleg når ein skal vurdere en kommunes økonomiske handlingsrom.

Ål kommune auka lånegjelta i 2018 med kr. 3,3 mill. Frå 377,2 mill. kr til 380,5 mill. kr (banklån). Dette er lån til eigne investeringar og lån til vidareformidling. Ubrukte lånemidlar pr. 31.12.2018 utgjer 22,6 mill. kr og utlån 38,1 mill. kr. **Justert netto lånegjeld er kr. 319,6 mill.**

KS definerer ein gjeldsbelastning mellom 65 og 75 % av driftsinntekter som moderat gjeld. Ål har 52,8 % ved utgangen av 2018.




ÅL KOMMUNE

Balanse	2018	2017
andre lån	380 542 006	377 215 367
ubrukte lånemidler	22 689 857	26 885 558
utlån	38 168 348	38 019 870
netto lånegjeld	319 683 801	312 309 939
netto lånegjeld i % av brutto driftinntekter	52,8 %	53,1 %

Vår total låneportefølje inkluderer lånet i samband med utbygginga av helsebygget på kr.172 mill. Vestreviken betaler husleige til Ål kommune og inntektene brukast til å betene deler av lånet. Investeringar på sjølvkostområder inngår også i denne gjelda.

Ål kommune har 83% av låneporteføljen sin i Kommunalbanen, 5% i KLP Kommunekreditt og 11% i Husbanken (dette er lån til vidareformidling).

Bank	beløp	andel
Kommunalbanken	317 210 680	83 %
KLP Kommunekreditt	19 892 500	5 %
Husbanken	43 438 826	11 %
Sum	380 542 006	100 %






ÅL KOMMUNE

Ål kommune har pr.31.12.2018 eit lån med fastrente på 2,3%. Lån i Husbanken og i KLP kommunekreditt er også med flytende rente. Dette har vore gunstig for kommunen dei siste åra. Rentenivå har vore relativt lågt, men frå 2019 er rente oppjustert og ytterleg oppgang er forventa. Kommunen har berre plassering av midlar i bankinnskot. Ingen fond eller finansplassering jfr. vedteke finansreglement.

Tabellen under visar antall lån i Kommunalbanken, typelån, rentesats og avdragstid. Gjennomsnittleg rente dei siste 12 månader har vore 2,25 % (1,86 % i 2018).

Grupper	Motpart / Motparts navn	Opprinnelig lånebeløp	Restgjeld etter termin	Nåværende rente	Rentetype / Indeks	Rentetype / Type	Fastrente utløpsdato	Avdragstype	Sluttdato
Total		455 493 835,00	303 835 680,00	1,9590%					
KBN-20120303	KommunalBanken	38 193 000,00	28 262 820,00	1,9000%	NIBOR3M	Flytende		Serie	15.06.2037
KBN-20140708	KommunalBanken	70 000 000,00	60 666 640,00	2,3000%		Fastrente	06.12.2021	Serie	05.12.2044
KBN-20100955	KommunalBanken	24 000 000,00	17 600 000,00	1,8170%	Grønn p.t.	Flytende		Serie	27.12.2040
P.t. rente		323 300 835,00	197 306 220,00	1,8753%					
KBN-20020295	KommunalBanken	4 500 000,00	787 500,00	1,8588%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	01.04.2022
KBN-20040591	KommunalBanken	20 000 000,00	21 152 730,00	1,8182%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	01.09.2034
KBN-20060430	KommunalBanken	2 700 000,00	1 080 000,00	1,8769%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	29.09.2026
KBN-20080368	KommunalBanken	12 000 000,00	9 000 000,00	1,8210%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	04.09.2048
KBN-20090783	KommunalBanken	8 000 000,00	5 120 000,00	1,9167%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	11.12.2034
KBN-20110848	KommunalBanken	12 634 075,00	9 686 090,00	1,9182%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	23.12.2041
KBN-20120579	KommunalBanken	7 891 000,00	5 997 160,00	1,9170%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	07.12.2037
KBN-20130405	KommunalBanken	43 975 760,00	28 306 170,00	1,8025%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	19.08.2038
KBN-20150491	KommunalBanken	4 800 000,00	4 320 000,00	1,8833%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	19.10.2045
KBN-20160129	KommunalBanken	101 200 000,00	12 276 570,00	1,8348%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	14.03.2046
KBN-20160508	KommunalBanken	75 000 000,00	70 000 000,00	1,9055%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	05.11.2046
KBN-20170688	KommunalBanken	30 600 000,00	29 580 000,00	1,9170%	Ordinær p.t.	Flytende		Serie	16.12.2047

Renteutvikling dei neste 10 årene.





ÅL KOMMUNE

Netto lånegjeld pr. innbyggjar utgjer kr. 68.440. Gjennomsnittet for samanstillingsgruppa er Kr. 82.262 pr. innbyggjar, medan fylkesgjennomsnittet er på kr. 64.642 pr. innbyggjar.

Tal i 1000 kr.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Netto lånegjeld*	162 427	171 698	230 465	375 109	312 298	319 684
Pr. innbyggjar	34,5	36,4	48,9	79,5	67,5	68,4
Banklån	225 400	286 833	283 492	449 086	377 215	380 542

Saldo på fond i 1000 kr

Fondstype	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Dispositionsfond	32 098	43 478	35 600	38 591	43 850	52 022
Bundne driftsfond*	52 038	46 406	49 900	63 710	61 806	60 129
Ubundne investeringsfond	6 914	1 411	1 411	1 411	11,4	11,4
Bundne investeringsfond	70	70	474	9 858	11 952	10 660
Sum totalt*	91 120	91 365	87 385	113 570	117 619	122 822


*Inkluderer det som tilhører Regionrådet for Hallingdal på kr. 14 mill.

Dispositionsfondet vil auke med ca. 26,5 mill. kr med avsetjing av årets mindreforbruk.

Fondsmidlar er inndelt i fire grupper. Det er nokre vurderingar som må gjerast mellom nokre av gruppene, men det er meir marginalt i oversynet. Gruppene har nokre sær preg:

- **Bundne driftsfond** er øyremerkte midlar som berre kan nyttast til drift og dei føremåla dei er meint å dekke ved overføringa til kommunen. Når midlane er sett av til fond, så er det fordi dei ikkje er nytta til føremålet fullt ut i rekneskapsåret dei er mottekne. Midlane er ikkje til fri disposisjon for kommunestyret.
- **Bundne investeringsfond** er øyremerka til spesielle investeringsføremål. Kommunestyret kan ikkje omprioritere desse midlane.
- **Ubundne investeringsfond** kan berre nyttast til investeringar og ikkje til driftstiltak. Kommunen kan sjølv disponere midlane.
- **Dispositionsfond** kan nyttast både til driftstiltak og til investeringstiltak. Kommunestyret bestemmer kva midlane skal nyttast til. Fylkesmannen anbefaler kommunane å bygge opp dispositionsfond til 5 % av driftsinntekter. Dette gir kommunen moderat økonomisk handlefridom, medan høgare enn 8 % gir større grad av økonomisk handlingsrom. Ål kommune har styrka sitt dispositionsfond dei siste to åra til anbefalt nivå.

2018	2017	
8,60 %	7,46 %	dispositionsfond i % av brutto inntekter
12,98 %	9,52 %	dispositionsfond inkl.årets overskot i % av brutto driftsinntekter



ÅL KOMMUNE

Kostraanalyse

All rapportering til SSB frå kommunane blir organisert i eit nasjonalt informasjons- og styrings-system, KOSTRA. Data frå dette systemet skal gje grunnlag for betre styring av kommunal verksemd gjennom analyse, planlegging og samanstilling.


Bruk av tala

Det er viktig å merke seg at tala ikkje fortel noko om kvaliteten på tenestene. Til dømes kan ein ynskje å ha eit høgt forbruk på ymse tenester som ei målretta prioritering. Samanstilling post for post mot andre kommunar kan gje store utslag viss rapporteringa er gjort ulikt, gjort feil eller ikkje gjort i det heile. Det vil som regel vera klokt å sjå tal og utvikling over nokre år. Eit kritisk blikk krev at ein ofte må sjå bak tala.

Anna rapportering

Saman med intern rapportering av kvalitet, ressursbruk og resultat vil KOSTRA vere eit nyttig verktøy.

Kommunen har eit enkelt oppsett for balansert målstyring der både målkart, planar og kvartalsrapportering inngår. Dei ulike einingane har dessutan eigne og lovbestemte krav å styre etter. For overordna styring av rammer og ressursbruk har me budsjett, økonomiplan og rekneskap.



ÅL KOMMUNE

Kostratal

Utvalede nøkkeltall, kommuner - nivå 1 (K) etter statistikkvariabel, år og region

	2018	2018	2018	2018	2018	Gruppe 3
	0619 Ål	Gruppe 03	Buskerud	Landet	0620 Hol	
Finansielle nøkkeltall						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,9	3,0	1,2	2,0	4,8	
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,6	3,2	2,1	2,5	-0,9	
Frie inntekter i kroner per innbygger	61 360	64 028	54 165	56 336	58 926	
Langsiktig gjeld eks pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter	66	98,3	102,3	101,7	77	
Arbeidskapital eks. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	25,2	23,1	16,5	17,6	21,5	
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	72 901	87 262	64 642	70 545	80 823	
Prioritering						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	160 574	158 370	150 398	154 068	179 342	
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	137 955	143 725	107 662	112 891	160 323	
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	5 728	4 732	2 836	2 888	6 062	
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	24 313	24 191	17 779	18 470	27 913	
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	2 471	3 299	3 420	3 870	1 905	
Netto driftsutgifter per innbygger, barnevernstjenesten	2 454	2 527	2 378	2 296	3 345	
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb	7 831	7 251	4 402	4 166	7 958	
Dekningsgrad						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	83,8	91,4	90,8	91,8	93,9	
Andel barn som får ekstra ressurs til styrket tilbud - antall barn i bh.	20,9	17,5	26,2	21,5	21,7	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning i alle trinn	13,9	9,3	8,7	7,8	15,4	
Andel minoritetsspråklige barn i forhold til alle barn i bh.	17,0	14,8	22,9	18,3	17,4	
Elever som får skoleskyss - andel av alle barn i skolen (%)	41,8	45,1	20,6	21,6	33,2	
Andel timer spes.undervisning avtall lærertimer - 8-10 trinn	28,7	22,6	22,4	20,6	41,1	
Legeårsværk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	19,7	15,4	10,7	11,1	16,5	
Fysioterapiårsværk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	16,5	11,1	10,3	9,4	13,4	
Avtalte årsværk i helse-stasjons- og skolehelsetjeneste pr. 10.000 innbyggere 0 - 20 år	69,9	63,0	31,4	42,4	82,4	
Andel innbyggere i bolig m/ fast tilknyttet bemanning hele døgnet 80 år og over (prosent)	7,4	5,3	3,5	3,7	7,6	
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år	3,6	5,0	4,0	3,8	4,0	
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	30	29	20	21	32	
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,72	..	0,50	0,70	2,23	
Produktivitet/enhetskostnader						
Korrigerte brutto driftsutgifter totalt pr. innbygger	117 038	91 757	64 653	68 066	105 467	
Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage	226 959	210 986	215 240	215 179	218 045	
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	156 867	150 312	113 079	121 059	159 823	
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 383 531	1 256 579	1 251 420	1 220 066	1 431 381	
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3 600	2 933	3 486	3 248	3 912	
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4 414	3 122	4 142	3 743	2 747	
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 392	2 189	2 426	2 686	2 578	
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	188 643	102 959	238 028	175 340	304 077	



ÅL KOMMUNE